



ØKONOMIPLANPERIODEN 2018 – 2021

Formannskapet sitt framlegg

Versjon 1.1

31.10.17

22.11.17



INNHALD

Føremålet med notatet.....	5
Endringslogg.....	5
2 Innleiing og bakgrunn.....	7
3 Rammvilkår.....	9
3.1 Kommuneleva – økonomiplan og årsbudsjett.....	9
3.2 Folketalsutvikling.....	9
3.3 Demografi og prioriteringar.....	12
3.4 Økonomiske føresetnader.....	14
3.4.1 Rammetilskot og skatt – frie inntekter.....	16
3.4.2 Egedomsskatt.....	16
3.4.3 Avdrag lån.....	16
3.4.4 Utvikling gjeld.....	18
3.4.5 Disponering av fond.....	19
3.4.6 Andre overordna føresetnader.....	20
4 Gjennomgang av dei ulike tenesteområda.....	21
4.1 Sentraladministrasjonen, stab/støtte, Kultur/næring, politiske styringsfunksjoner.....	22
4.1.1 Kommunestyre formannskap og nemnder.....	23
4.1.1 Rådmannskontoret.....	25
4.1.2 Utval og råd.....	26
4.1.3 Fellesfunksjonar og administrasjonsbygg.....	26
4.1.4 Tillitsvald.....	27
4.1.5 Næringsutvikling og reiseliv.....	27
4.1.8 Veterinær og veterinærarbeid.....	29



4.1.9 alkoholomsetnad/kontroll	29
4.1.10 Kultur.....	30
4.1.11 Tysneshallen	31
4.1.12 Bibliotek	32
4.1.13 Friluftsliv/folkehelsekoordinator	33
4.1.15 Kyrkjeleg administrasjon og Truomssamfunn	33
4.2 Oppvekst	36
4.2.1 Administrasjon.....	37
4.2.2 Grunnskule.....	38
4.2.3 Barnehage	41
4.2.4 Kulturskule	44
4.2.5 Vaksenopplæring og opplæring av framandspråkelege	45
4.2.6 Tenester for barn og familie.....	45
5.3 Helse- og sosial – hovudkapittel 1.3	47
5.3.1 Administrasjon.....	48
5.3.2 Offentleg legearbeid og legekantor	49
5.3.3 Fysioterapi/ergoterapi	50
5.3.4 Psykisk helse.....	51
5.3.5 NAV – sosiale tenester	51
5.3.6 Pleie og omsorg	53
5.3.6.1 Pleie og omsorg	54
5.3.6.2 Tysnes sjukeheim.....	54
5.3.6.3 Open omsorg.....	56
5.3.6.4 Haugen bufellesskap og Vågsmarka bufellesskap	57



5.3.6.5 Dagsenter psykisk utviklingshemma	58
5.3.6.6 Tiltak for funksjonshemma	58
5.3.6.7 Trygde og omsorgsbustader	58
5.3.11 Friviljugsentralen	59
5.4 Landbruk og teknisk – hovudkapittel 1.4	60
5.4.1 Administrasjon	61
5.4.2 Jordbruk – Skogbruk – Viltforvaltning	61
5.4.2 Kart – oppmåling - skilting	62
5.4.3 Brann	62
5.4.4 Byggforvaltning	63
5.4.5 Teknisk drift	64
5.4.5.1 Bygg og eigedomsforvaltning	64
5.4.5.2 Vegar	66
5.4.5.3 Kloakk og renovasjon	66
6 Investeringar i økonomiplanperioden	68
6.1 Administrasjon og økonomi	70
6.2 Nye bygg og anlegg	71
6.3 Eksisterande bygg og anlegg	73
6.4 Park og leik	74
6.5 Ikt og applikasjonar	74
6.6 Eigedom, bustad og næring	76
6.6 Andre investeringar	77
Vedlegg : Budsjettrapportar	78



FØREMÅLET MED NOTATET

Rådmannen legg fram notatet som eit utgangspunkt for politiske drøfting i samband med budsjettframlegg for 2018 og økonomiplanperioden 2018 – 2021.

Notatet skal verka til å synleggjera dei val som er gjort i budsjettet og også peika på moglege tilnærmingar i det vidare arbeidet.

På dei områda der det er god statistikk har me prøvd å visa til denne for å kunna gje eit anna grunnlag å drøfta ut frå, statistikken me har nytta er all hovudsak KOSTRA tal frå siste rapportering som var i 2016.

ENDRINGSLOGG

Dokumentet er basert på rådmannens innstilling (v.1.0) og endringar som følgjer av formannskapet si handsaming (v1.1)

Dokumentet vert fortløpande justert i samsvar med politiske føringar frå formannskap som økonomiutval. Alle endringar gjort under den politiske førehavinga vert ført som endringslogg i notatet i tillegg til føring gjennom formannskapet si møtebok. Målet er å gjera notatet så lett tilgjengeleg som mogleg og det vert då lagt vekt på at notatet skal kunne gje eit sjølvstendig bilete. Tabellar er oppdatert med rett tal, kommentarar og verbale føringar er lagt som tekstbokser.

Endringar:

3.4.6 punkt g) er endra då det er deflator for løn og ikkje samansett deflator som er lagt til grunn.

3.4.6 punkt h) er endra då det ikkje vert lagt inn føresetnad om tilsyn i gebyrregulativet som vert lagt fram i samband med budsjettet, det vert samstundes lagt inn ein føresetnad om å kunna koma attende til dette i løpet av 2018.

4.1.1 lagt inn verbal føring for kontrollutvalet knytt til gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

4.1.1 lagt inn verbal føring om mogleg omdisponering mellom ulike ansvar.

4.1.2 lagt inn verbal føring knytt til innkjøp

4.1.15 lagt inn verbal føring knytt til framtidig drift

4.1.15 dokumentet er retta opp med rette takster for utanbygds gravferd og vigsel



4.2.3 lagt inn verbal føring om friluftsgruppe på Onarheim

6.3 tabellen er oppdatert med nytt talgrunnlag

6.6 tabellen er oppdatert med nytt talgrunnlag

6.6 tabellen er oppdatert med nytt talgrunnlag

6.6 lagt inn kommentar om utbyggingsavtale

6.6 lagt inn verbal føring knytt til veg på Hagareset og i Vågsmarka. Det er også lagt inn ei føring om bustadsosiale tiltak.




2 INNLEIING OG BAKGRUNN

I samband med oppstart av arbeidet vårt har me lagt til grunn at budsjettet må underbyggja følgjande overordna målbilete:



Me har under innleiinga til vårt arbeid prøvd å operasjonalisera dette slik at me ved avslutninga faktisk kan stilla oss spørsmålet om me lukkast eller ikkje. Sjå figuren nedanfor:



3 RAMMEVILKÅR

3.1 KOMMUNELOVA – ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT

Kommunelova kap. 8 handlar om kommunen sitt ansvar for å utarbeida årsbudsjett og økonomiplan.

Årsbudsjettet skal etter § 44 vera ein bindande plan som skal femja om kommunen si samla verksemd og vera delt i ein investeringsdel og ein driftsdel. Årsbudsjettet skal vera realistisk og vera stilt opp slik at kommunestyre sine mål og premissar kjem tydeleg fram. Årsbudsjettet skal vedtakast av kommunestyre og er bindande for underordna organ.

Saman med årsbudsjettet skal også kommunestyre gjera vedtak om ein rullerande økonomiplan, planen skal omfatta minst dei fira neste budsjettåra.

Det er formannskapet som utarbeider framlegg til budsjett og økonomiplan. Økonomiplan med framlegg til vedtak skal leggjast ut til ålment ettersyn minst 14 dagar før den vert endeleg handsama i kommunestyre. Det er lagt opp til endeleg budsjettvedtak 12. desember, formannskapet skal etter planen avlevera sitt framlegg 24. november.

3.2 FOLKETALSUTVIKLING

Folketalsutviklinga, under dette den demografiske samansetninga, er grunnlaget for kommunen sine inntekter gjennom statleg rammefinansieringa. Statleg finansiering byggjer på ei gjennomsnittsutvikling på nasjonalt makronivå og ei stykkprisfinansiering basert på gjennomsnittleg kostnad. Demografi er også forklaringsfaktor for kommunen sitt utgiftsnivå, kommunale tenester vert retta mot bestemte aldersgrupper så samansetninga av grupper utgjer såleis kommunen sin kostnadsbase



Tommelfingerregel er at om me skal kunna oppretthalda vår relative del av inntekta må folkeveksten i kommunen vera minst like stor som resten av landet, for at me skal auka vår relative inntektsdel må kommunen ha større vekst i folketalet enn resten av landet. Regelen er ikkje heilt rett då også den demografiske fordelinga er viktig for kommunen si inntektsutvikling, dette er knytt til at inntektsnøklar heng saman med demografisk fordeling.

Tabellen under viser SSB si prognose for folketalsutvikling for Tysnes kommune. Det viser seg at prognosa fram til no har hatt relativt låg treffsikkerheit. Prognosa tek heller ikkje høgde for framtidig utvikling i samferdsle.

	2016	2018	2020	2022	2024	2026	Endring
Tysnes kommune							
0-5 år	166	168	174	176	180	181	7,8 %
6-15 år	285	289	280	286	299	302	-3,9 %
16-66 år	1 675	1 640	1 609	1 575	1 554	1 543	-8,7 %
67 år +	605	620	647	661	681	677	20,5 %
SUM	2 731	2 717	2 710	2 698	2 714	2 703	-1,1 %

Tabell 3.2.1 Folketalsutvikling Tysnes kommune på grupper 2016 – 2026, basert på framskriving etter SSB si prognose med middels nasjonal vekst.

Tabellen under viser faktisk folketal per 1. juli frå 2012 til i dag, me ser av tabellen at me hadde nedgang frå 2012 til 2013, etter 2013 har me hatt ein jamn vekst, veksten i perioden frå 2012 er på 2,4%. Vekt for landet under eitt i same periode er på 4,6 %. Veksten er størst i gruppa mellom 67 -79 år og gruppa 2-5 år. Dette kan peike på framtidige utfordringar innan pleie- og omsorg, men peiker også framover mot høgare elevtal!



År	2013	2014	2015	2016	2017	Endring Siste år	Endring % Siste år	Endring periode	Endring % periode
Innbyggjarar i alt	2 732	2 768	2 808	2818	2847	29	1,03 %	115	4,21 %
0-1 år	42	50	65	56	58	2	3,57 %	16	38,10 %
2-5 år	121	133	119	121	126	5	4,13 %	5	4,13 %
6-15 år	309	308	302	285	294	9	3,16 %	-15	-4,85 %
16-22 år	255	256	255	264	252	-12	-4,55 %	-3	-1,18 %
23-66 år	1 443	1 454	1 471	1476	1493	17	1,15 %	50	3,47 %
67-79 år	346	358	385	412	415	3	0,73 %	69	19,94 %
80-89 år	165	157	163	162	168	6	3,70 %	3	1,82 %
90 år og over	51	52	48	42	41	-1	-2,38 %	-10	-19,61 %

Tabell 3.2.2 Folketalsutvikling Tysnes kommune på funksjonelle grupper 2013– 2017, faktiske tal.

Tabellen er delt inn etter grupper som er avspeglar i kommunane sitt inntektssystem. For perioden under eitt har ein vekst på 4,21 %, dei fleste grupper har vekst med unnatak av gruppa av born i skulepliktig alder, unge frå 16-22 år og innbyggjarar over 90 år. At me i perioden har opplevd ein reduksjon av born i skulepliktig alder er i samsvar med talgrunnlaget i skulebruksplanen som peika på at 2016 vil verta eit botn år i høve til skuleborn. Me har god vekst i barnegruppa 0-5 år og ser føre oss at denne veksten no vil gje fleire skuleborn frametter. Me ser også at me hadde ein oppgang av born i skulepliktig alder tilsvarande 3,16 % siste år.




Inntektssystemet er i stor grad bygd på demografi, med eit lågt folketal i botn er me sårbare for demografiske svingingar frå eitt år til eit anna. God økonomisk stabilitet føreset det at me er i stand til å gjera avsetningar til fond for å ta unna for dei verste svingingane.

3.3 DEMOGRAFI OG PRIORITERINGAR

Kommunen tilbyr tenestene sine til ulike aldersgrupper, difor er demografi kritisk viktig om du også vil forstå korleis kommunen organiserer og prioriterer drifta si.

Prioritering		Tysnes 2012	Tysnes	Endring periode	Kostragruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern	Kr.	110430	139829	26,6 %	137743	139672	139403
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, konsern	Kr.	139698	135827	-2,8 %	124066	105839	107328
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	Kr.	3086	3900	26,4 %	3501	2363	2514
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern	Kr.	20289	21932	8,1 %	20906	16540	16652
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år, konsern	Kr.	986	1922	94,9 %	3024	3734	3913
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	Kr.	5458	8590	57,4 %	10060	8741	8925
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	Kr.	6739	6893	2,3 %	6610	3893	4037

Tabell 3.3.1 Prioritering, alle tal frå KOSTRA rapportering 2016. Samanlikna med tilsv. for Tysnes kommune 2012.

 Budsjettnotat | Økonomiplanperioden 2018 - 2021

Det klart største einskildområde i Tysnes er pleie og omsorg, fylgt av barnehage og grunnskule. Me har også teke med tal tilbake frå 2012 for å sjå om det er vesentlege endringar i bilete på desse åra. Me ser at grunnskuleområde er einaste område som har hatt ein nedgang, men nedgangen er mindre enn tilsvarende nedgang i aldersgruppa born i skulealder. Det er ein stor oppgang i netto driftsutgifter per innbyggjar i gruppene barnevern og barnehagar. Sistnemnde oppgang er dels knytt til oppgang av barn i barnehagealder, men også overordna utviklingstrekk. Me ser også at barnevern er eit område som aukar relativt mykje, det synes å vera slik i alle kommunar. Den store prosentvise oppgangen i utgifter til sosialtenester vil truleg flate litt ut i 2017, det er likevel verd å merkja at me ligg lågt her samanlikna med landsgjennomsnittet.

Tabellen under gjev eit meir utfyllande bilete for å kunna gjennomføra ein behovsanalyse:

Behovsprofil KOSTRA 2012 - 2016	2012	2013	2014	2015	2016	Kostragr. 2
Folkemengden i alt	2736	2745	2782	2797	2847	..
Andel kvinner	49,7	49,5	49,6	49,3	49,5	49
Andel menn	50,3	50,5	50,4	50,7	50,5	51
Andel 0 åringer	1	0,8	1,4	0,6	1,3	1
Andel 1-5 år	4,9	5,3	5,2	5,6	5,1	5,3
Andel 6-15 år	11,5	11,3	10,9	10,5	10,3	11,9
Andel 16-18 år	3,8	4	4	4,3	4,3	4,2
Andel 19-24 år	8,4	7,6	7,7	7,8	8,2	7,2
Andel 25-66 år	50,1	50,3	50,2	49,6	48,8	51,9
Andel 67-79 år	12,5	12,6	13,1	14,3	14,6	13
Andel 80 år og over	7,7	8	7,5	7,2	7,3	5,6
Andel skilte og separerte 16-66 år	8,5	8,6	8,5	8,9	8,7	9,8
Andel enslige forsørgere med stønad fra folketrygden	0,7	1	1	1,6
Andel uførepensjonister 16-66 år	9,3	9,3	9,1	8,8	7,9	11,4

Andel enslige innbyggere 80 år og over	62,6	63	62,2	66,3	65,6	65,6
Forventet levealder ved fødsel, kvinner	84	84	84	84	84,3	83,8
Forventet levealder ved fødsel, menn	79	79	79	79	80	79,7
Levendefødte per 1000 innbyggere	9,1	7,7	11,9	6,1	13,3	9,3
Døde per 1000 innbyggere	13,9	11,3	15,8	12,5	9,8	10,3
Innflytting per 1000 innbyggere	34,7	42,3	47,1	49	48,5	55,6
Utflytting per 1000 innbyggere	41,3	35,7	30,2	36,8	34,1	51,5
Samlet fruktbarhetstall	1,9	1,8	1,8	1,8	1,8	1,7
Andel innvandrerbefolkning	7,1	7,9	9	9,2	9,3	10,2
Andel innvandrerbefolkning 0-5 år	5,6	8,4	8,6	7,4	7,1	13,7
Andel innvandrerbefolkning 1-5 år	6,7	8,2	8,9	7	6,8	13,9
Andel innvandrerbefolkning 0-16 år	5,5	7,2	8,6	7,9	8,5	11,5
Andel av befolkningen som bor i tettsteder	20,4	24,1	24,3	35,5	36	42,6
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år	1,9	3,6	1,5	1,6	1,9	1,6
Andel av befolkningen 20 - 66 år som pendler ut av bostedskommunen	25,2	25,1	26,2	23,4	23	30,3

Tabell 3.3.2 Behovsprofil KOSTRA, tidsserie 2012-2016, samanlikningstal kommunegruppe 2 for 2016

3.4 ØKONOMISKE FØRESETNADER

Dei økonomiske føresetnadene for driftsåra er å finne i budsjettkapittel 1.9 Finans.

I framskrivinga 2018-2020 er det gjort endringar for renter og avdrag på låneporteføljen. Øvrige poster ligg uendra.



	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Pensjon/AFP	7 300	7 300	7 300	7 300
Opplæring/kursutgifter	500	500	500	500
Renteutgifter	3 748	4 169	4 537	4 890
Renteutgifter forvaltningslån	815	815	815	815
Avdrag lån	10 815	11 511	12 472	12 752
Overført til investeringsrekneskap	850	870	890	910
Avskrivningar	6 743	6 743	6 743	6 743
Rammeoverføring	-101 882	-101 882	-101 882	-101 882
Refusjon 6-årsreform	-140	-140	-140	-140
Kompensasjonstilskot omsorgsbustader	-750	-750	-750	-750
Skatt på inntekt og formue	-82 993	-82 993	-82 993	-82 993
Eigedomsskatt næring, verk og bruk	-1 750	-1 750	-1 750	-1 750
Eigedomsskatt	-8 600	-8 600	-8 600	-8 600
Renteinntekter	-720	-720	-720	-720
Renter av etabl. og utbetr. Lån	-590	-590	-590	-590
Forsinkelsesrenter	-30	-30	-30	-30
Motpost avskrivning	-8 111	-8 111	-8 111	-8 111
	-174 795	-172 743	-171 164	-171 205



3.4.1 RAMMETILSKOT OG SKATT – FRIE INNTEKTER

Rammetilskot og skatt aukar med 1,9% gjennom statsbudsjettet for 2018. Gjennomsnitt for Hordaland er 2,7%, mens heile landet har ei auke på 2,6%. Noko av årsaka til at me har eit såpass lav auke i inntekta er at småkommunetillegget vert redusert med 1,1 mill.kr. frå 2017 til 2018. Det er grunn til å tru at denne reduksjonen vil halde fram dei neste åra. Vidare vert ordinært skjønstilskot redusert med 0,3 mill. kr. i same perioden.

Forventa løns- og prisvekst (deflator) er 2,6%. I dette ligg det at auken i inntektene ikkje held tritt med tilsvarande auke i utgiftene. På sikt vil det vere krevjande å få budsjetta til å gå opp med ei slik utvikling. Det er difor viktig at folketalsauken i kommunen held fram, ettersom det er ein klar samanheng mellom folketalsauke og inntektsauke. I fyrste halvår av 2017 har me hatt ei auke i folketalet på 6, dette bør vere på eit høgare nivå framover. Men det er positivt at fødselstala held seg på eit tilfredsstillande nivå.

Også i 2018 vil innslagspunktet for kompensasjon for ressurskrevjande brukarar auke med kr. 50.000 utover justering for pårekna lønsvekst. Dette inneber ei kostnadsauke på nye kr. 250.000 i 2018.

I økonomiplanen på finansområdet er det korrigert for estimert endring i renter og avdrag på ordinære lån. Øvrige postar ligg uendra.

3.4.2 EIGEDOMSSKATT

Det er i økonomiplanperioden ikkje lagt opp til auke i eigedomsskattesatsen. Sats på 3,8 promille vert difor føreslått vidareført. «Eigedomsskattefondet» er ved utgangen av 2016 på 6,6 mill. kr. (samla frie fond 38,1 mill.kr). I løpet av økonomiplanperioden vil det vere naudsynt å bruke deler av fondet for dekking av renter og avdrag på omsorgssenteret og nye investeringar.

3.4.3 AVDRAG LÅN


Opptak av nye lån fylgjer føresetnadene i investeringsplanen. Desse låna er kalkulert med 30 års avdragstid og utan vesentlege endringar på rentenivået.

Kommunen har ikkje nytta høve til reduserte avdrag på lån («minimumsavdrag»), men i staden betalt ned på lån utover det som er pålagt av departementet. I 2016 betalte me 4,2 mill.kr utover minimum. I ein fase der me har store investeringar føre oss meiner me det er fornuftig å




betale såpass mykje ned på gjelda. Når ein på eit seinare tidspunkt har gjennomført investeringane vil det vere naturleg å ta ein vurdering om ein då skal redusere avdraga slik at budsjetta kan salderast utan at drifta vert unødvendig redusert.

Grafen nedanfor syner utvikling i renter og avdrag basert på føresetnadene i økonomiplanen :




Det er i økonomiplanen budsjettert med at avdragstida skal gå lineært på alle lån (i hovudsak er låna teke opp med 30 års avdragstid, med likt beløp kvart år). For å vurdere kva handlingsrom kommunen har i høve minimumsavdrag kan grafen nedanfor vere til nytte :




Som det går fram av tabellen er budsjetterte avdrag større enn minimumsavdragsprofilen (i dette høve berekna til 4% av låneporteføljen). 2017/18 vil vere noko spesiell som fylgje av lån til omsorgssenteret i 2017. Men tidleg i 2018 vil tilskot frå Husbanken verte nytta til ekstra nedbetaling på dette lånet.

3.4.4 UTVIKLING GJELD

Med føresetnader slik dei ligg inne i økonomiplanen vil gjeldsgraden utvikle seg som følgjande :

 Budsjettnotat | Økonomiplanperioden 2018 - 2021



Gjeldsgraden vil auke gjennom økonomiplanperioden. Gjeldsgraden i 2017 vil vere høg, men vil rette seg opp når tilskotet til omsorgssenteret kjem på plass i 1.kvartal 2018.

3.4.5 DISPONERING AV FOND

Samla er frie fond på 38,1 mill. kr ved utgongen av 2016. Med føresetnader slik som økonomiplanen no ligg vil frie fond verte redusert med ca. 3,8 mill. kr. fram til 2021. Men i dette reknestykket er det ikkje lagt inn redusert avdragsprofil på gjelda, dette vil i så fall kunne føre til at frie fond ikkje vert redusert.

3.4.6 ANDRE OVERORDNA FØRESETNADER

Utover dei økonomiske føresetnadene som føl ovanfor er det gjort følgjande føresetnader i framlegg til budsjett:

- 1) Det vert ikkje lagt opp til følgjande endringar på dei kommunale gebyra:
 - a. Renovasjon vert redusert med 5 %
 - b. Kloakk vert auka 2,6 %.
 - c. Feiing vert auka 7,5 %
 - d. Innan helse- og sosial og oppvekst vert betalingssatsane auka med 2,6%.
 - e. Innan kart- og oppmåling vert betalingssatsane regulering tilsvarande deflator for løn - 3 %.
 - f. Betalingssats for barnehagar vert lag på maks pris kr. 2910 for full plass
 - g. Andre betalingssatsar innan oppvekst vert regulert tilsvarande deflator for løn 3 %
 - h. Gebyrregulativet for plan og byggesak vert gjennomgått i sin heilskap, det vert teke høgde for å prisa inn tilsyn i eigen revisjon i 2018.
- 2) Ut frå eit mål om å redusera sjukefråvær er det lagt inn ein dekning på sjukevikar på 1,75 % på dei ulike tenesteområda som har behov for å henta vikar ved sjukdom.
- 3) Det er ikkje budsjettert med langtidsfråvær med tilhøyrande sjukelønsrefusjonar.
- 4) Felles avskrivningar er samla på kap. 9000 (finans), mens avskrivningar på sjølvkostområda ligg på sine respektive områder.



4 GJENNOMGANG AV DEI ULIKE TENESTEOMRÅDA

	Budsjett 2018	Revidert budsjett 2017	Endring budsjett 2017-2018	Budsjett 2016	Rekneskap 2016 ¹
SUM FINANS	-173 726 268	4,6 %	-166 150 891	3,5 %	-160 604 344
SUM SENTRALADMINISTRASJON / STAB / STØTTE	22 780 668	4,2 %	21 867 508	1,0 %	21 643 029
SUM OPPVEKST	67 970 803	4,8 %	64 836 061	2,1 %	63 478 827
SUM HELSE OG SOSIAL	69 112 839	2,5 %	67 395 493	6,3 %	63 422 653
SUM LANDBRUK OG TEKNISK	13 861 958	15,0 %	12 051 829	-0,1 %	12 059 836
SUM SAMLA	-				

Tabell 4.0 Samla oversyn for drift.

Tabellen gjev eit samla oversyn over driftsbudsjettet slik det er lagt frå no. Me ser at me har ei endring av inntekter samanlikna med budsjett 2017 på 4,7 %. I statsbudsjettet er det lagt opp til ein inntektsvekst tilsvarende 1,9 % samanlikna med driftsinntekter førre år og me ser at dei var noko høgare enn budsjettet. Veksten er klart størst på landbruk og teknisk og det er berre helse og sosial som klarer ei utvikling som ligg innanfor deflatoren.

¹ Metodisk er dei utfordring å samanlikna budsjett og rekneskapstal for 2016 då det er ein del finanspostar som vert fordelt ut til dei ulike hovudkapitla ved årsslutt.



Det vert nytta om lag kr. 1,6 mill. av bundne driftsfond, og kr. 300` av disposisjonsfond avsett til flyktingområde. Det er lagt opp til eit rekneskapsmessig mindreforbruk tilsvarande kr. 1,1 mill. Netto driftsresultat er 0,04 %.

Det er lagt opp til ei styrking av kjerneoppgåvene i verksemda. Barnehagar vert tilført 3,6 årsverk, skular vert tilført 3,1 årsverk, heimesjukepleie vert tilført kr. 720` til innleige, teknisk drift vert tilført 1 årsverk innan kloakk. Dei avgir samstundes 0,2 år til brann og 0,5 år til investering. Rus og psykiatri vert tilført 1 årsverk finansiert gjennom tilskotsmidlar. Tysnes sjukeheim reduserer med om lag 2,81 årsverk, men aukar likevel bemanninga målt per brukar.

4.1 SENTRALADMINISTRASJONEN, STAB/STØTTE, KULTUR/NÆRING, POLITISKE STYRINGSFUNKSJONER

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Kommunestyre, formannskap, nemnder	3 435 415	9,8 %	3 129 225	-4,9 %	3 291 858	2 604 078
Rådmannskontor	6 887 030	4,8 %	6 574 531	2,1 %	6 442 405	6 574 723
Utval/råd	91 870	1,3 %	90 690	15,2 %	78 727	44 604
Administrasjonsbygg	1 058 380	17,2 %	903 232	2,4 %	882 289	835 967
Fellesfunksjonar	5 179 526	10,0 %	4 708 785	-6,7 %	5 049 490	5 670 426
Tillitsvald	423 524	-2,1 %	432 524	-3,0 %	446 092	446 518
Kommuneval – stortingsval	-	-100,0 %	116 390	0,0 %	-	13 466
Næringsutvikling	440 918	-5,4 %	466 146	-0,1 %	466 689	460 851
Reiseliv	204 150	45,8 %	140 000	-24,5 %	185 496	285 230
Veterinær	150 000	0,6 %	149 119	28,7 %	115 879	127 710
Veterinærsamarbeid	-	-100,0 %	-30 000	0,0 %	-	3 732
Andre næringsføremål	-	-100,0 %	123 440	38,3 %	89 268	125 474



Alkoholomsetnad –kontroll	-26 000	23,8 %	-21 000	-290,8 %	11 004	-25 701
Kultur	1 200 313	-22,1 %	1 540 172	13,7 %	1 354 403	1 404 958
Tysneshallen	390 866	-0,5 %	392 916	15,3 %	340 787	340 787
Bibliotek	798 433	17,9 %	677 468	17,2 %	577 998	567 534
Folkehelsekoordinator	336 263	4,1 %	323 120	36,5 %	236 644	260 597
Kyrkjeleg administrasjon	2 139 980	2,6 %	2 085 750	2,4 %	2 037 000	2 037 000
Trudomssamfunn	70 000	7,7 %	65 000	75,7 %	37 000	64 467
SUM Sentraladm/stab/støtte	22 780 668	4,2 %	21 867 508	1,0 %	21 643 029	21 842 423

Budsjettkapitlet har ein samla auke på 4,2 % samanlikna med budsjett for 2017. Me skal då også ha med oss at det i budsjett for 2017 vart lagt opp ein reduksjon innanfor kapitlet.

4.1.1 KOMMUNESTYRE FORMANNSKAP OG NEMNDER

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Kommunestyre, formannskap, nemnder	3 435 415	9,8 %	3 129 225	-4,9 %	3 291 858	2 604 078

Ansvarsområde for kommunestyre, formannskap og nemnder er auka tilsvarende 9,8 % samanlikna med revidert budsjett 2017.

Samla er det gjort ei justering for dette ansvaret opp mot revidert budsjett 2017 på kr. 205 885, tilsvarende 7 %. Me har samla politiske kontingentar under kommunestyre, dette gjeld Samarbeidsrådet for Sunnhordland, LNK og NFKK, dette inneber ei justering på kr. 70`. Me har vidare føresett noko utskiftingar av Ipads til politikarar. Tillegsløyvingar til formannskapet er vidareført på same nivå, justert for tilskotet som i fjor gjekk til ladestasjon for Elbil på Onarheim. Tillegsløyvingar utgjer kr. 75`.

Ordføreren sine tilleggsløyvingar er vidareført på same nivå som tidlegare, altså kr. 25`, budsjett for marknadsføring er styrkt med kr. 15` for å ivareta representasjonsarrangement i samband med Tysnesfest. Representasjonsarrangementet skjer saman med Tysnes sparebank og Tysnes Kraftlag, kommunen har hatt tradisjon for å invitera samarbeidspartnarar i omliggjande kommunar til arrangementet.

Plansakshandsaming er tilført noko meir stillingsressursar ved at me legg opp til å føre 70 % av arealplanleggjaren si løn mot dette område. Endringa er gjort med bakgrunn i at me ikkje er kome så langt som me ønskjer med kommuneplanen sin samfunnsdel og det er behov for å setja av meir ressursar her frametter. Det er gjort ein reduksjon i omfanget av kjøp av konsulenttenester på plan med kr.200`. Endringa er dels gjort for å prøve å saldere inn midlar til å oppretta ein stilling som nærings- og turistsjef, men inneber at me reduserer kapasiteten vår til å gjera anna planarbeid. Aktuelle prosjekt i 2018 er fullføring av plan for bustadområde i Uggdal og reguleringsplan for næringsområde i Alsakervågen. Samla sett inneber endringane at me går ned på planområde med om lag 18 % samanlikna med revidert budsjett for 2017.

For å finansiera arbeid med reiselivs- og næringsstrategi kan det flyttast midlar frå ansvar 1100, funksjon plansakshandsaming til næring/reiseliv.

Plansakbehandling 2016 – nøkkeltal (KOSTRA)		1223 Tysnes	Kostra gruppe 02	Hordaland	Landet utan Oslo	Landet
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger. Konsern. Kroner	Kr.	189	244	218	230	233
Alder for kommuneplanens arealdel	År	4	7	5	6	6
Alder for kommuneplanens samfunnsdel	År	14	7	4	4	4

Revisjon er område som vert styrkt mest, her er det ein auke på om lag kr. 353`, me viser til vedlagt særutskrift frå kontrollutvalet for meir informasjon.



Kommunestyre vedtek ramme for tilsyn og kontroll i samsvar med framlegg frå kontrollutvalet. Kommunestyre ber og at forvaltningsrevisjonar for 2018 vert gjennomført og ber samstundes om at kontrollutvalet vurderer konkurranseutsetjing av den einkilde forvaltningsrevisjon.

4.1.1 RÅDMANNSKONTORET

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Rådmannskontor	6 887 030	4,8 %	6 574 531	2,1 %	6 442 405	6 574 723

Endring på rådmannskontoret er i første rekkje knytt til fastløn, dette er følgje av det er ein avgang i staben som der vedkomande hadde redusert stilling siste året, når det vert rekruttert på nytt vert det føresett at denne mellombelse vakansen på om lag 30 % vert avslutta. I samband med rekruttering må det sjåast i ljøs av kva funksjonar med over litt sikt ser behov for å erstatta. Det er mogleg at stillinga i første omgang vil verta nytta til eit prosjekt for å innføra eit system for gjennomgåande internkontrollsystem i heile verksemda. Ein del av dette er også den nye ordninga som kjem med personvernombod, her er det eit arbeid som må gjerast for å arbeida fram eit regime for internkontroll innan mai 2018, dette er estimert til å utgjera om lag 0,16 årsverk.

Posten for kjøp frå andre kommunar er styrkt med om lag kr. 50` for å ivareta avtalen med Bergen kommune vedkomande sivilforsvarsmateriell.

Kommunestyre ber om at moglege urealistere gevinstar ved anbudsutsetjing vert vurdert i samband med sak knytt til revidering av innkjøpsreglementet.

4.1.2 UTVAL OG RÅD

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Utval/råd	91 870	1,3 %	90 690	15,2 %	78 727	44 604

Utval og råd omfattar mindre utval slik som arbeidsmiljøutvalet, eldreråd, administrasjonsutval og ungdomsråd. Det er sett av kr. 12`t til gjennomføring av eldredagen som Tysnes kommune skal gjennomføra i 2018. Det er elles rydda i nokre budsjettpostar som me ser som mindre aktuelle. Den store budsjettauken frå 2016 til 2017 var knytt til ei retting av møtegodtgjersle for eigedomsskattenemndene.

4.1.3 FELLESFUNKSJONAR OG ADMINISTRASJONSBYGG

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Fellesfunksjonar	5 179 526	10,0 %	4 708 785	-6,7 %	5 049 490	5 670 426
Administrasjonsbygg	1 058 380	17,2 %	903 232	2,4 %	882 289	835 967

Under dette ansvaret ligg felles sekretariat, IKT, telefonikostnader, kontingentar og kjøp av konsulenttenester som dei største postane. Dei samla IKT kostnadene er likevel noko redusert.

På sekretariatet er det lagt inn ein føresetnad om vidareføring av ekstrahjelp om lag på same nivå som det som er ført i rekneskap idag for å oppretthalda same service. Me prioriterer også å delta i prosjektet *Då mor forsvann*, som er inititert av Stord kommune for å sjå moglege fellesløysingar på sak- og arkiv området.



Det er elles gjort tilpassingar i høve til kjøp av lisensar på IT, me ser at overgang frå felles brukarar til unike brukarari pleie og omsorg utgjer ein vesentleg meirutgift. Me har også bygd inn føresetnad om at kommunen går inn i KS si satsing for digitalisering, dette utgjer p.t. kr. 20 per innbyggjar, om lag kr. 57` for driftsåret 2018. Deltaking her vert fremja i eiga sak.

Bedriftshelseteneste vert også ført under dette punktet. Alle velferdsmidlar vert no ført her, det er sett av kr. 100` til dette i 2018.

Forutan dette ligg betalingsdelen vår til Interkommunalt arkiv i Hordaland, Sunnhordland innkjøpsforum og felles driftsressurs for e-handel under dette kapitlet.

Auken på administrasjonsbygg er knytt til at me har ført kostnader til innbu og utstyr over frå felles funksjonar til administrasjonsbygg, det er også gjort ei vesentleg styrking innbu i samband med skifte av inventar i kommunestyresalen, dette er budsjettert til om lag kr. 120` og er nærare skildre i eiga sak for kommunestyre.

4.1.4 TILLITSVALD

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Tillitsvald	423 524	-2,1 %	432 524	-3,0 %	446 092	446 518

Hovudavtalen for kommunalt avtaleområde regulerer frikjøp av tillitsvalde, i verksemda vår er det to organisasjonar som er så store at dei har rett på frikjøp, Fagforbundet og Utdanningsforbundet. Løna deira i den frikjøpte delen vert då ført under dette ansvaret.

4.1.5 NÆRINGSUTVIKLING OG REISELIV

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Næringsutvikling	440 918	-5,4 %	466 146	-0,1 %	466 689	460 851



Reiseliv	204 150	45,8 %	140 000	-24,5 %	185 496	285 230
Andre næringsføremål	-	-100,0 %	123 440	38,3 %	89 268	125 474

Ein del av kommunen si satsing på næringsutvikling og reiseliv ligg under desse ansvarsområda, men også kultur og friluftsliv må kunna vurderast som del av kommunen si reiselivssatsing. Tilsvarande yt i dag landbrukskontoret eit godt tilskot til næringsutviklinga mellom anna gjennom sitt samarbeid opp mot Innovasjon Norge. Rådmannen har ennå ikkje funne rom for ei eiga stilling som nærings- og turistsjef og ei slik stilling må eventuelt salderast inn gjennom vidare politisk handsaming, me legg til grunn at det bør setjast av om lag kr. 1 million til ei slik stilling.. Det vert då eit spørsmål om denne stillinga skal salderast ved å henta dei midlane me i dag kan frigjera frå mellom anna desse to områda. Det ligg i dag inne kr. 110` i kjøp av konsulenttenester frå Atheno. Me har også lagt inn ei styrking av den felles reiselivssatsinga i Sunnhordland med kr. 5 per innbyggjar til styrking av tiltaksposten, samla kostnad for reiseliv vert då om lag kr. 55`. Søknad om styrking av reiselivssatsinga frå Samarbeidsrådet følgjer budsjettsaken som eige vedlegg.

Under reiseliv har me også med oss støtte til turistinformasjon på kr. 60` og ulike marknadsføringsaktivitetar mellom anna i Bladet Tysnes si sumaravis, Hardangerfjordmagasinet og tilsvarande publikasjonar. Me har auka det samla budsjettet for informasjon og marknadsføring noko.

Ansvar for andre næringsføremål er stort sett knytt til kontingent for deltaking i Samarbeidsrådet i Sunnhordland, dette er no fordelt slik at me har lagt grunnkontingenten under ansvar for kommunestyre, medan reiseliv og tiltaksarbeid er lagt til ansvar *Reiseliv*.

Dersom det er politisk ønskje om å arbeida vidare med ein stilling som nærings- og turistsjef bør me gjera ei vurdering om me då kan redusera noko av det me nyttar i eksterne tenester dette vil hjelpa å saldera inn ei slik stilling. Eit anna alternativ er å forlata tanken om ein eigen næringsjef og heller nytta meir eksterne tenester. Spørsmålsstillinga er heilt grunnleggjande for kommunen sitt arbeid med næring og turisme i framtida og dersom me klarer å saldera inn ei stilling bør det gjerast nærare vurderingar om organisering og mål i ei eiga skipingssak.



4.1.8 VETERINÆR OG VETERINÆRSAMARBEID

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Veterinær	150 000	0,6 %	149 119	28,7 %	115 879	127 710
Veterinærsamarbeid	-	-100,0 %	-30 000	0,0 %	-	3 732

Ansvarer veterinær er knytt til stimulering for å sikra veterinærdekning i kommunen. Me har i år teikna ny avtale med veterinær innanfor kostnadsramma me har hatt tidlegare. Når det gjeld veterinærsamarbeid så er det fullt ut dekkja gjennom statlege særlyvinga, men me har som administrasjonskommune kunne inntektsført kr. 30`, me vurderer det likevel som naturleg at administrasjon av ordninga vert overført til landbrukskontoret.

4.1.9 ALKOHOLMSETNAD/KONTROLL

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Alkoholomsetnad -kontroll	-26 000	23,8 %	-21 000	-290,8 %	11 004	-25 701

Når det gjeld ansvarer for alkoholomsetnad og kontroll reknar me med ei positivt resultat her, ansvarer er sett saman av inntekter frå sals- og skjenkeløyve samt utgifter knytt til alkoholkontroll. Me har også med oss at me frå 2018 også skal føre kontroll kring sal av tobakksvarer, men me føreset at det skal løysast innanfor dei same økonomiske rammene.



4.1.10 KULTUR

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Kultur	1 200 313	-22,1 %	1 540 172	13,7 %	1 354 403	1 404 958

Under kultur ligg funksjonar som ungdomsarbeid, friluftsliv, kunstformidling, idrett, kulturadministrasjon, kulturvern og andre kulturaktivitetar. Det kan ut frå budsjettframlegget sjå ut som at me legg opp til ein relativt stor nedgang på området under eitt, bilete er likevel litt meir nyanser.

Prosjektet *Vandring Tysnes* er no i stor grad slutført og me legg opp til å kunna inntektsføra om lag kr. 90` av bundne driftsfond. Idrett er føresett vidareført med dagens tilskot medan det vert sett av kr. 38` til vedlikehald av kunstgrasbanen på Reiso. Under andre kulturaktivitetar har me budsjettert med støtte til leiaropplæring i lag og organisasjonar kr. 20`, tilskot til ungdomslaga kr. 20`, ålmenne kulturmidlar til lag og organisasjonar kr. 100`, Grendatun kino får framleis kr. 30` årleg støtte til Årbakka handelsstad og Tysnes song og musikkråd ligg også inne under denne posten. Stønad til Tysnesfest er lagt på same nivå som i 2017, det vil i praksis sei at dei får kr. 400` i årleg tilskot over kultur, av dette vert dei igjen fakturert kr. 50` for leige av Tysneshallen og kr. 50` for ekstra legeberedskap.

Under andre kulturaktivitetar har me vidareført tidlegare års post om stønad til ein biografi om Johannes Heggland med kr. 100`, det er også teke høgde for at Bladet Tysnes har kome med ein søknad om stønad til digitalisering og tilgjengeleggjering av alle utgåver av Bladet Tysnes tilbake til 1953. Dei har søkt om kr. 50` i støtte innanfor driftsåra 2017 og/eller 2018.

Innan område kulturvern ligg det kr. 119` til ulike tilskot. Her har me ein generell pott til tildeling av kulturvernmidlar etter søknad forutan det som er bunde opp allereie slik som tilskot til Venelaget for jåttmuseumet, kontingent til Sunnhordland museum og kulturpris. Arbeid med kulturminneplan inneber at me kan føra ein del løn mot tilskot og såleis inntektsføra noko av støtta med har fått på kr. 250` til dette arbeidet.

Sunnhordland museum har søkt om auka støtte til si verksemd, me ser det som mest tenleg at dette vert lagt fram som eiga sak og eventuelt innarbeidast i formannskapet sitt endelege budsjettframlegg.



Dersom me ser i høve til KOSTRA så får me følgjande bilete opp mot prioriteringar av kultur²:

Kultur prioritering 2015 – nøkkeltal (KOSTRA)		Tysnes 2012	Tysnes 2016	Kostra gruppe 02	Hordaland	Landet
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	Prosent	2	2,3	3,3	4	3,93,8
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	Kr	1221	1379	2102	2155	2153

Me ser av ovanstående tabell at kultur utgjør ein relativt liten prosentdel av kommunen sine totale netto driftsutgifter og at me nyttar relativt lite pengar per innbyggjar. Det kan vera positivt at me samla for alle sektorar vil nytta noko meir her i 2018 enn i inneverande driftsår. Me skal i denne samanheng også ha med oss at me har ein kulturmedarbeider som er flink til å skaffa kommunen og lokalsamfunnet inntekter innan desse områda, me er til dømes ein av kommunane i Hordaland (nr. 4) som sikrar mest midlar til kulturvern.

4.1.11 TYSNESHALLEN

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Tysneshallen	390 866	-0,5 %	392 916	15,3 %	340 787	340 787

I 2017 har me fått gjort ein del vedlikehald av hallen, dette gjeld mellom anna lakking av parkett, nedvask innvendig og ein full service på bowling anlegget. I 2018 er det sett av noko mindre til vedlikehald, eller er drifta vidareført på dagens nivå.

² Kultur er då også folkebibliotek og kulturskule.

4.1.12 BIBLIOTEK

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Bibliotek	798 433	17,9 %	677 468	17,2 %	577 998	567 534

Frå og med driftsåret 2017 var stilling som bibliotekssjef auka opp til 80 % stilling, det låg då planar om å samordna folke- og skulebiblioteket, det vart vidare lagt opp til ei investering i meirope bibliotek og me har også søkt og fått tilsagn om kr. 100` til utvikling av modellbibliotek. Me fekk ikkje på plass ny bibliotekssjef før september 2017 det betyr i praksis at me må overføra ein del av dei planlagde aktivitetane til 2018.

I budsjettframlegget som ligg føre no er det det lagt inn ein føresetnad om å gjera avtale med Stord om driftsavtale for nytt bibliotekssystem, det vil medføra noko meirkostnader i 2018 då me har lagt inn ein del eingongskostnader med endring av system. Totalt er det løyvd kr. 54` utover det budsjetterte nivået for 2017. Posten for opplæring og kursutgifter er styrkt opp til kr. 20` mellom anna for å dekkja kostnader til vidareutdanning. Det årlege materiellkjøpet er auka med kr. 50` der denne ekstra løyvinga vert avsett til å oppdatera samlinga for born og unge.

Tabellen under viser at netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar ligg noko under gjennomsnittet for kommunegruppe 2. Me ser elles at det er eit potensiale på utlån me bør strekka oss etter.

Folkebibliotek - Nøkkeltal 2016 (KOSTRA)	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostragruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Netto driftsutgifter til folkebibliotek i forhold til kommunens totale driftsutgifter (i prosent), konsern	0,4	0,3	0,3	0,6	0,5	0,5
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger, konsern	226	206	202	362	257	273
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger	2,9	2,5	1,8	3,6	2,9	3
Bokutlån fra folkebibliotek per innbygger i alt	2,4	2,1	1,5	2,8	2,2	2,3
Barnelitteratur, antall bokutlån barnelitteratur per innbygger 0-13 år	5,9	6	2,8	8,1	5,6	6,2



Voksenlitteratur, bokutlån voksenlitteratur per innbygger 14 år og over	1,8	1,4	0,5	1,1	0,8	0,9
Tilvekst alle medier i folkebibliotek per 1000 innbygger	283	194	..	440	169	201

4.1.13 FRILUFTSLIV/FOLKEHELSEKOORDINATOR

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Folkehelsekoordinator	336 263	4,1 %	323 120	36,5 %	236 644	260 597

Budsjettområdet er vidareført med om lag same drift som i dag korrigert for løn og pensjonskostnader.

4.1.15 KYRKJELEG ADMINISTRASJON OG TRUDOMSSAMFUNN

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Kyrkjeleg administrasjon	2 085 750	2 037 000	48 750	2 037 000	2 037 000	2,4 %
Trudomssamfunn	65 000	37 000	28 000	24 000	36 936	75,7 %

Kyrkjeverje har i oversending gjeve slikt innspel til styrking av budsjett for 2018:

«Post 3.0100.100.042

Det er lagt opp til ein **NY organist stilling i 50%**. Tysnes har i dag berre ein 50% organiststilling fordelt på 4 kyrkjer. Dette er for lite og skapar store utfordringar når organisten har ferie / frihelg, samt å kunne vera med på alle pålagte tenestar i forbindelse med trusopplæringsarbeidet, dette er arbeid som føregår på ettermiddag/ kveld samt helgar.

Me ser og behov for auka organist stillinga til alle vigslane. Her spelar Haaheim gaard ei stor rolle, det er mange som ynskjer å gifta seg på Tysnes for så å ha bryllaupet på Haaheim. Dette skapar ei utfordring for oss med å få tak i organist. Dette er arbeid som ikkje er med i organisten si arbeidstid, då laurdagar er deira fri dag. Slik det er i dag må me ringa rundt i heile Sunnhordland for å få tak i organistvikarar, noko som er ein **kjempestor** utfordring.

Post 3.0100.100.042

Trusopplæringsstillinga er lagt opp til ein auke på **25%** til fast 80% stilling, me har i dag tilsett trusopplærer i 55% stilling, 45% av desse er statlege midlar og 10 % frå kommunen. Me er pålagt å driva trusopplæring for alle døypte frå 0 til 18 år med til saman 360 t opplæring. Det visar seg at trusopplæringa sine tiltak nesten alltid har fleire påmelde enn dei som er medlemmer i kyrkja. Dette tenkjer me er positivt, men samtidig får dette økonomisk konsekvens med tanke på materiell og personell. Opplæringsarbeidet er i dag teke ut av skulane og det er eit arbeid som presten ikkje har som primær oppgåve, prestenesta dekkjer berre det som er relatert til gudstenesta i trusopplæringa. Tysnes har heller ikkje tilsett kateket / diakon som ville vore slike ressursar.

Kyrkjeleg fellestråd har i 2017 vedteke å bruka av eigne midlar til 25% auke i tursopplæringsstillinga til ein midlartidleg 80 % stilling.»

I rådmannen sitt framlegg til budsjett er kyrkjeleg administrasjon justert tilsvarende kr. 2,6 %, dette inneber eit avvik opp mot det samla innspelet frå kyrkjevevje tilsvarende om lag kr. 168`. Me har forståing for kyrkja si vurdering om å styrka dei her nemnde stillingane, men kyrkja gjer også viktige grep for å auka sine inntekter. Det ligg i dag tilråding føre om å auka festeavgifta frå kr. 150 per år til kr. 250 per år, no ligg det også inne ein føresetnad om auke av desse inntektene neste driftsår, men historisk har inntektene lagt på eit høgare nivå enn budsjettert, det kan vera realistisk å budsjettera ennå høgare inntekter her. Det vert vidare lagt opp til auke brukarbetaling for utanbygds vigsel frå kr 5700 til kr 6200 utan at det er avspegla i budsjettet. Det vert også lagt opp til auke brukarbetaling for utanbygds gravferd frå kr. 8600 til kr. 8800, dette er heller ikkje avspegla i budsjettframlegget. Det er vår vurdering at kyrkja har vore litt forsiktige i vurdering av eige inntektpotensiale i sitt budsjettframlegg. Kyrkja har også avsett tidlegare års mindreforbruk til fond og kan eventuelt leggja inn føresetnad om ein viss fondsbruk i 2018. Rådmannen meiner at det for komande budsjettår ikkje vert gjort større endringar enn det som følgjer deflatoren, når me ser effektane av kyrkja sitt framlegg om auke i ulike gebyr kan det gje grunnlag for ei ny vurdering frå og med budsjettåret 2019.

Kommunestyre er kjent med at budsjett for kyrkjeleg administrasjon, med styrking av stilling som organist, inneber ei varig auke i driftskostnader som må takast høgde for i framtidige budsjett.

Tabellen under viser at netto driftsutgifter til kyrkja ligg noko høgare enn både kommunegruppa vår og i høve til landet forøvrig. Talet på sysselsette er også noko høgare, men me ser også at talet på kyrkjelege handlingar per 1000 medlem er høgare i Tysnes enn både i kommunegruppa vår, fylket og landet forøvrig. Dette ser me igjen i tal både dåp og gravferd der me døyper om lag 150 % av dei som er fødd i kommunen og gravlegg 111 % av dei som dør i kommunen. Vigsler vert ikkje rapportert i KOSTRA, men me vigsjar truleg ein del fleire enn dei som er folkeregistrert her.

Kyrkje - Nøkkeltal 2016 (KOSTRA)

	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostragruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Netto driftsutgifter, kyrkje, i % av totale netto driftsutgifter	1,5	1,7	1,8	1,5	1,3	1,1
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner	896	1046	1088	916	623	563
Kirkelige handlinger pr. 1000 medlem	54,9	40,9	39,5	37,5	31,1	30,4
Kyrkjelege gravferder i % av tal døde	111,4	111,4	107,1	98,4	86	88,8



4.2 OPPVEKST

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Administrasjon oppvekstetaten	509 335	157,0 %	198 178	-71,6 %	697 003	681 130
Fellestiltak skulane	3 242 385	-31,4 %	4 725 869	32,8 %	3 559 713	3 015 666
Onarheim skule	3 288 673	8,8 %	3 022 934	4,5 %	2 892 206	3 011 456
Tysnes skule	23 635 029	11,2 %	21 259 447	-4,0 %	22 151 727	21 941 161
Uggdal skule	11 229 850	5,7 %	10 623 087	11,3 %	9 548 265	9 216 148
Fellestiltak barnehagar	1 983 876	8,5 %	1 829 091	12,9 %	1 619 568	1 719 329
Stjernereiso barnehage	7 489 839	2,7 %	7 295 361	1,1 %	7 213 793	8 199 657
Lunde og Onarheim barnehage	6 028 573	11,8 %	5 392 599	-3,8 %	5 604 742	5 970 260
Vågsmarka barnehage	3 181 880	0,5 %	3 165 478	2,5 %	3 087 416	3 619 758
Kulturskule	884 717	21,5 %	728 288	-0,7 %	733 181	814 794
Invandr.- og flyktn.underv.	-401 455	268,2 %	-109 028	-201,0 %	107 950	6 157



Psykisk helsearbeider barn og unge	712 227	10,8 %	643 037	47,8 %	435 209	576 754
Helsestasjon/jordmorteneste	1 594 365	2,2 %	1 559 643	4,3 %	1 494 807	1 597 692
Barneverntenester	4 591 508	2,0 %	4 502 076	3,9 %	4 333 247	4 874 647
SUM Oppvekst	67 970 803	4,8 %	64 836 061	2,1 %	63 478 827	65 244 608

Samla har oppvekstområde ein vekst på 4,8 %, veksten er i hovudssak knytt til nye stillingar innanfor kjerneverksemda.

4.2.1 ADMINISTRASJON

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Administrasjon oppvekstetaten	509 335	157,0 %	198 178	-71,6 %	697 003	681 130

Det er ikkje gjort endringar i kostnader på administrasjon utover at post for internsal er teke ut, dette er ein teknikalitet og har ingen reelle endringar på sluttlina vår, men det kan gjera tala vanskelege å samanlikna i overgangen. Endringa inneber ein tilsvarande reduksjon på ansvar *Fellestiltak skulane*.



4.2.2 GRUNNSKULE

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Fellestiltak skulane	3 242 385	-31,4 %	4 725 869	32,8 %	3 559 713	3 015 666
Onarheim skule	3 288 673	8,8 %	3 022 934	4,5 %	2 892 206	3 011 456
Tysnes skule	23 635 029	11,2 %	21 259 447	-4,0 %	22 151 727	21 941 161
Uggdal skule	11 229 850	5,7 %	10 623 087	11,3 %	9 548 265	9 216 148

Samla så er det ei auke innan skule på 4,5 % frå 2017 til 2018. Under fellestiltak for skulane er det ført kr. 607` meir tilskot frå staten dels til program for vidareutdanning og dels midlar til å auka lærartettleik. Det er også ført totalt kr. 1,2 mill. i refusjon frå andre kommunar knytt til elevar som har opphald i kommunen vår. Endring av føring av internsal/-kjøp gjev ein effekt på kr. 315` på dette ansvaret, men dei kjem då frå administrasjonsansvaret og inneber ingen reelle endringar innanfor hovudkapitlet.

Under «Fellestiltak skulane» har me elles logoped, synspedagog og 75% lærar for framandspråklege, alle med heilårsverknad. Logopeden jobbar med einskildelevar i barnehage og skule. Dette gjeld først og fremst elevar med sakkunnige vurderingar frå PPT, men det vert og utført einskildtestar etter trong. Logopeden kan rettleia språkgrupper, drive lesekurs m.m.

Synspedagogen er på plass og vert nytta til testing av borna før dei byrjar i skulen. Ein prøver og å få på plass ei testing av elevar som har lese- og skrivevanskar, for å kunne utelukka moglege synsvanskar.

Undervisning av framandspråklege elevar vert nytta både på Uggdal og på Tysnes skule. Grunna familiesameining er det stor trong for denne undervisninga. Det er vanskeleg å ha disse elevane i større grupper av di dei har ulike føresetnader når dei kjem, og det er stor skilnad på kor fort dei klarer å lære seg eit nytt språk. Me har vurdert om det er mogleg å samordna denne undervisninga på ein skule. Det er både fordelar og ulemper med dette, og det vert jobba vidare med saka.



I inneverande år har me hatt utfordringar knytt til PPT, me kjøper i dag desse tenestene frå Os kommune, men dei har signalisert at dei vil avslutta avtalen. Dersom avtalen vert avslutta vert det ei vurdering om me kan gjennomføra tenesta i eigen regi, eller om det kan vera aktuelt å gjera avtale med anna kommune. PPT Os vil stå ved avtalen ut inneverande skuleår om me ikkje finn alternativ løysing før det. Økonomisk er det føresett at endring kan skje innanfor eksisterande økonomisk ramme.

Onarheim skule veks i fylgje prognosane nett no, ser det ut til å verta 34 elevar frå hausten. Etter gamle reknemåtar vert skulen då 3-delt. Skulen har frå før ein del delingsressursar, så me har lagt inn ei auke på ein 50 % stilling frå august 2018.

Uggdal skule: Uggdal skule har 110 elevar og vil halde seg på same elevtal neste skuleår. Prognosane for dei neste skuleåra, syner ein svak nedgang i elevtalet. Sjølv om elevtalet vert det same, må me vurdere om den nye 1.-klassen bør delast. Me har dei siste åra fått øyremerka tilskot frå statleg hald, for å auke lærartettleiken blant dei yngste elevane våre. Det er lagt til ei 50 % stilling frå august 2018, så vil me vurdere etter kvart om det vert klassesdeling, eller om det vert nytta som delingstimar med 2 pedagogar i klassen. Skulen har nyleg fått ei oppgradering av SFO-lokala, for å kunna ha ein meir fleksibel bruk og kunne nytta ein del av desse areala til grupperom i undervisningstida.

Tysnes skule: Skulen har hatt ein nedgang i elevtalet dei siste åra, og har difor gradvis hatt ein reduksjon på personalsida. Siste året har vi hatt ei stor auke med elevar som har trong for ekstra ressursar, både på pedagog og assistentsida. Noko av dette får me refundert av andre kommunar, men dei fleste kostnadane må me ta sjølve. Tilbodet på «Blå skule» er utvida til 4 dagar i veka, og me har i løpet av skuleåret måtte henta inn fleire medarbeidarar for å gje elevar og tilsette ein forsvarleg skulekvardag. Me merkar og at me har mange godt vaksne medarbeidarar, disse har lang erfaring og høg ansiennitet. Her må me rekna inn ekstra ferieveker, seniordagar og nedsett lesetid, dette gjev eit visst utslag på lønsbudsjettet på skulen. Det er elles ønskje om å gjera ein del tiltak på ungdomsskuledelen, her har me sett meir omfattande tiltak på vent i samband med planlegging av nytt skulebygg, men nokre tiltak bør kunne vurderast vidare i samband med dritsmidlar på ansvar for byggforvaltning. Det er sett av kr. 90` til utskifting av ein del inventar.

Netto driftsutgifter grunnskolesektor per innbygger 6-15 år	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostra- gruppe 02	Hordaland	Noreg
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år, konsern	134 644	137 844	135 827	124 066	105 839	107 328
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år, konsern	107 376	110 308	108 3084	97 916	84 019	83 473
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år, konsern	6 439	4605	3 767	4 738	3 460	4 026

Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år, konsern	19 360	19827	19 935	19 929	18 024	20 095
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år, konsern	5 634	5929	5969	4365	2369	2110

Driftsutgifter til per barn i alder frå 6-15 år er sjølvsagt nært knytt til elevtal, nedgang i elevtalet gjev ikkje alltid rom for å nedjustere kostnader, tilsvarende vil ikkje alltid oppgang i elevtal føre til kostnadsauke. Med dei grepa som er gjennomført innan dette område og oppfølging av satsingar som er sett i drift er me overbevist om at me når elevtala stig att vil få driftskostnader ned på same nivå som kommunegruppa vår.

Det er elles positivt å merkja seg at nettokostnader til drift av SFO tilbod er blitt monaleg lågare per innbyggjar i målgruppa, me meier dette er knytt til oppryddinga som vart gjort i prising av tenesta og at tenesta vert opplevd som god og relevant for dei som er i målgruppa. Me ser elles at bruken av SFO er noko mindre enn tilsvarende tal både for kommunegruppa og landet elles.

Dekningsgrader	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostragruppe 02	Hordaland	Noreg
Andel elever i kommunens grunnskoler, av kommunens innbyggere 6-15 år	101	99,5	98	97,9	94,8	95,3
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	2	0,3	1,7	4,2	6,4	7,2
Andel elever i grunnskolen som får morsmålsopplæring	-	0	0	0,3	3,9	2,3
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	12,7	10,1	10	8,7	7,2	7,8
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	13,3	6,4	6,7	6	4,8	5,1
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	15,6	13,8	13,3	10,2	8,5	9,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	9,6	11,2	11,2	10,7	9,3	10,1
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	26,6	19,7	15,9	16,7	16,5	17,4
Andel elever i grunnskolen som får tilbud om skoleskyss	78,3	80,8	76,6	49,6	26	21,4



Noko av årsaka til høge driftskostnader er også å finna i oversyn over dekningsgrad. Me har vesentleg fleire elevar som er mottek tilbod om skuleskyss, samla sett har nær 80 % av elevane våre no tilbod om skyss. Dette må sjølvstøtt også vurderast opp mot at me dei seinare åra har redusert med to skular.

Det er elles positivt at me ser ein reduksjon i elevar som har spesialundervisning på alle skuletrinna. Den delen av timar som går til spesialundervisning opp mot det samla timetalet for lærarar er også vesentleg redusert. Dette er noko som etaten og oppvekstsjefen arbeider svært godt med og me har tru på at langsiktig og strategisk arbeid på dei lågaste trinna vil føra til at me over tid faktisk vil vri frå spesialundervisning til god tilpassa opplæring på alle klassetrinn.

4.2.3 BARNEHAGE

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Fellestiltak barnehagar	1 983 876	8,5 %	1 829 091	12,9 %	1 619 568	1 719 329
Stjernereiso barnehage	7 489 839	2,7 %	7 295 361	1,1 %	7 213 793	8 199 657
Lunde og Onarheim barnehage	6 028 573	11,8 %	5 392 599	-3,8 %	5 604 742	5 970 260
Vågsmarka barnehage	3 181 880	0,5 %	3 165 478	2,5 %	3 087 416	3 619 758

Samla auker barnehageområde med 5,7 % til neste år, endringa er dels knytt til opptak og fleire plassar og dels til endringar i forskrift om pedagogisk bemanning. Med verknad frå august 2017 var det lagt fram følgjande forskriftsendring:



§ 1. Norm for pedagogisk bemanning

Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk bemanning. Barnehagen skal minst ha én pedagogisk leder per 14–18 barn når barna er over tre år og én pedagogisk leder per 7–9 barn når barna er under tre år. Ett barn til utløser krav om en ny fulltidsstilling som pedagogisk leder. **Barn regnes for å være over tre år fra og med august det året de fyller tre år.** Styrerens tid til administrasjon og ledelse skal ikke inngå i beregningen av normen for pedagogisk bemanning.

Denne endringa har gjort til at dei barna me tidlegare talde for ein plass frå 1. januar skal fortsetja å telje for to plassar. Det gjer at når me tek inn barn i januar, utløyer det fleire vaksne og i mange tilfelle må dette vere ein pedagog pga. dagens lovverk om at det 19. barnet utløyer ein ny pedagog.

Kvart år tek me inn ein del barn frå 1. januar. 2018 er også eit slikt år, der mange nye barn kjem i barnehagane. I januar 2018 vil vi få 17 små barn som utgjer 34 plassar. Tysnesbarnehagane driv etter ei bemanningsnorm på 6 store barn (ev. 3 små barn) per vaksen. Det har hausten 2017 vore høyring på ei nasjonal bemanningsnorm og vil truleg bli innført som ein nasjonal norm frå 1. august 2018. Det er denne norma Tysnes kommune har drive etter dei siste åra.

I budsjettet er det lagt opp til ei å auka bemanninga tilsvarande 3,6 årsverk, auken er størst i Onarheim/Lunde barnehage med 2,6 årsverk, i tillegg vert det 1 årsverk ekstra i Stjernereiso. Av dette er 2,8 årsverk avsett til pedagog.

Tysnes kommune praktiserer i dag eit hovudopptak med søknadsfrist 1. februar for å kunne gjere dei naudsynte endringane med tanke på personal og areal i barnehagane. Det vert likevel praktisert eit løpande opptak gjennom året, der dei som søker får plass, dersom det er ledig kapasitet. Me fyller opp barnehagane slik at dei i størst mogleg grad har fulle avdelingar. Lunde barnehage har areal til å ta imot fleire barn, slik at kommunen sit med høve til å ta imot nye barn heile året.

I samband med statsbudsjettet vart det lagt fram ny makspris for full plass i barnehagar, prisen vart då sett til kr 2910 for full plass, det er lagt inn ein føresetnad i budsjettet om at denne ramma vert nytta fullt ut.

	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostra- gruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern	117 473	113 557	139 829	137 743	139 672	139 403



Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager, konsern	12 094	11 965	11 843	10 462	11 757	11 363
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage, konsern	145 185	149 842	179 562	184 517	198 259	188 150

Tabellen over viser at me har hatt ei stor auke av netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år sist år, dersom me ser på produktivitet målt i oppholdstimar per årsverk og korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage ser me at produktiviteten ligg godt over gjennomsnittet.

Dekningsgrader	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostra- gruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	95,2	89,9	95,2	90,6	91,4	91
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	75,1	81,1	75,5	77,1	77,1	76,9

Når det gjeld dekningsgrader så ser me at den relative andelen av barn 1-5 år har barnehageplass i kommunen enn tilsvarende tal i andre kommunar.

Kommunestyre ber om at det vert utgreidd eit tilbod om eiga friluftsgruppe ved Onarheim barnehage.

4.2.4 KULTURSKULE

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Kulturskule	884 717	21,5 %	728 288	-0,7 %	733 181	814 794

Kulturskulen vil halda drifta på om lag same nivå som førre år, endringane slik dei står no er knytt til justeringar av avtaler og tilsetjingstilhøve, i tillegg har tilbodet innan songundervisning fått ein auke grunna stor etterspurnad.

Kommunale kultur- og musikk-skoler	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostra-gruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, i prosent av samlede netto driftsutgifter, konsern	0,5	0,4	0,5	0,7	0,5	0,5
Netto driftsutgifter til kommunale kultur- og musikk-skoler per innbygger, konsern	286	269	285	452	276	267
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år, konsern	2 630	2549	2762	3807	2251	2217
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker, konsern	23 897	19144	13 568	16 256	20 789	17 944
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år	15,8	21,9	28,8	23,8	12,7	13,7

Tabellen over viser ei positiv utvikling av kulturskulen, særskilt positivt er det at kulturskulen har hatt så stor auke i det som er primærgruppa for tilbodet, barn og unge i skulepliktig alder. Ei auke i tal på brukarar gjer også drifta meir kostnadseffektiv anten me måler opp mot brukarar, eller opp mot alle born i målgruppa.



4.2.5 VAKSENOPPLÆRING OG OPPLÆRING AV FRAMANDSPRÅKLEGE

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Invandr.- og flyktn.underv.	-401 455	268,2 %	-109 028	-201,0 %	107 950	6 157

Gruppen som får tilbud om vaksenopplæring har vokse mykje dei siste åra, grunna mottak av flyktingar og familiesameining. Me har og elevar som tek Grunnskuleopplæring for vaksne. Dette er ei teneste vi kjøper frå Stord VO. Dei store utslaga i budsjett er i hovudsak knytt til føringa av inntekter.

4.2.6 TENESTER FOR BARN OG FAMILIE

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Psykisk helsearbeider barn og unge	712 227	10,8 %	643 037	47,8 %	435 209	576 754
Helsestasjon/jordmorteneste	1 594 365	2,2 %	1 559 643	4,3 %	1 494 807	1 597 692
Barnevernstenester	4 591 508	2,0 %	4 502 076	3,9 %	4 333 247	4 874 647

Psykisk helse for born og unge er vidareført med om lag same driftsnivå korrigert for noko kostnader til IT og innbu og utstyr. Helsestasjon og jordmortenesta er vidareført med dagens driftsnivå korrigert for lønsutgifter.

Innan barnevernstenester er det høgst usikkert og vanskelig å sjå på førehand kva tid ein eventuelt vil få ei sak for Fylkesnemn eller rettssystem, og det er desse sakene som påfører tenesta relativt store utgifter knytt til advokat. Ein veit per no at ei sak skal handsamast i Tingretten i januar 2018. Det er elles gjort noko avsetningar på finanskapitlet for å eventuelt kunne handsama uventa rettsprossar.



Det er lagt ein sum på kr. 25`til innføring av elektronisk arkiv, me har ei forventning om at det legg til rette for meir effektiv drift.

Kommunestyre gjorde tidlegare i år vedtak om å slutte oss til avtale om barnevernvaktet er vedteke i Tysnes kommune å inngå samarbeidsavtale med Bergen kommune om barnevernsvakt. Ein ventar no vedtak frå bystyret i Bergen før avtalen kan tre i kraft. Avtalen kostar p.t. kr. 28 per innbyggjar og er bygd inn i budsjettet.

På lengre sikt, må kommunen vurderer (politisk) om det skal opprettast ei ny stilling på barnevern. Dette sett i samanheng med kommunen sitt ansvar for forsvarlig drift og kommunereforma, samt St.meld. 17 (2015-2016). Konsekvensane av dei organisatoriske endringane i bvt veit ein endå ikkje, men det er ei nasjonal tilråding at alle barnevern tenester bør ha minimum 5 tilsette for å kunne drive «forsvarlig» barnevern. Alternativet til dette, som også må vurderast som aktuelt, er ei eventuell samdrift med annan kommune. Dette vil potensielt medføre større endringar økonomisk

Tabellen under viser at netto driftsutgifter til barnvern i Tysnes kommune er ligg litt under gjennomsnittet av kommunar i vår KOSTRA gruppe.

	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostra- gruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Netto driftsutgifter til sammen per innbygger, konsern	1 077	1985	1702	2101	1936	1920
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	5 339	9968	8590	10 060	8741	8925



5.3 HELSE- OG SOSIAL – HOVUDKAPITTEL 1.3

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Helse- og sosialadministrasjon	1 336 825	17,6 %	1 137 181	3,9 %	1 094 017	1 512 472
Offentleg legerarbeid	242 667	2,7 %	236 309	4,0 %	227 241	258 011
Legekontor	3 695 755	4,7 %	3 528 780	9,3 %	3 228 743	4 597 888
Fysioterapi	1 570 524	4,1 %	1 509 184	4,5 %	1 444 574	1 536 275
Ergoterapi	802 931	4,7 %	766 641	12,6 %	680 853	788 780
Sosiale tenester	2 221 474	-27,4 %	3 058 685	12,6 %	2 715 861	2 778 936
Edruskap	3 500	-56,3 %	8 004	0,0 %	8 004	15 035
Mottak flyktningar	4 170	0,0 %	-	-100,0 %	4	474 389
Administrasjon	-	0,0 %	-	0,0 %	-	95 298
Pleie og omsorg	-	0,0 %	-	-100,0 %	169 219	82 565
Tysnes sjukeheim	26 442 089	1,1 %	26 149 012	5,6 %	24 771 682	27 662 346
Heimesjukepleie	11 344 257	15,8 %	9 796 896	6,4 %	9 209 347	10 185 869

Heimehjelp	4 257 279	15,5 %	3 686 928	4,5 %	3 527 846	3 871 983
Haugen bufellesskap	7 856 248	4,3 %	7 532 396	-1,6 %	7 653 394	7 570 638
Vågsmarka bufellesskap	5 045 365	3,0 %	4 898 043	9,8 %	4 458 889	5 934 606
Trygde- og omsorgsbustader, Uggdal	-1 175 000	70,3 %	-690 000	0,0 %	-690 000	-754 567
Trygde- og omsorgsbustader, Våge	-910 000	-9,9 %	-1 010 000	0,0 %	-1 009 992	-1 035 253
Trygde- og omsorgsbustader, Nymark	-240 000	-53,5 %	-516 000	0,0 %	-516 000	-314 805
Psykiatri	1 855 442	-22,1 %	2 381 164	4,1 %	2 286 529	1 848 037
Tiltak for funksjonshemma	2 472 445	-13,2 %	2 849 141	23,0 %	2 316 959	2 907 424
Dagsenter	1 939 669	10,0 %	1 763 831	3,3 %	1 706 972	1 835 855
Friviljugsentral	347 198	12,3 %	309 297	123,3 %	138 511	148 030
SUM Helse og sosial	69 112 839	2,5 %	67 395 493	6,3 %	63 422 653	71 999 812

I framlegg til driftsbudsjett for helse- og sosialetaten er det lagt opp til ein auke på 2.5 %. Endringa må mellom anna vurderast i ljøs av ei omlegging drifta i pleie og omsorg der årsverka vert noko redusert i institusjonsbaserte tenester.

5.3.1 ADMINISTRASJON

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Helse- og sosialadministrasjon	1 336 825	17,6 %	1 137 181	3,9 %	1 094 017	1 512 472



Til dette ansvaret ligg forutan helse- og sosialadministrasjonen også Tenesteutvalet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Tenestemråde vert vidareført på same driftsnivå som i dag, endringane på ansvaret er knytt til at posten for internsal er teke vekk noko so gjev ei litt anna fordeling mellom dei ulike ansvara i hovudkapitlet.

5.3.2 OFFENTLEG LEGEARBEID OG LEGEKONTOR

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Offentleg legerarbeid	242 667	2,7 %	236 309	4,0 %	227 241	258 011
Legekontor	3 695 755	4,7 %	3 528 780	9,3 %	3 228 743	4 597 888

Lønsbudsjettet for legeskjortet er vidareført med 4 legeårsverk, inklusiv turnuskandidat, alle i fastlønstillingar, i tillegg forkontorpersonale som tidlegare.

I budsjettinnspel frå legeskjortet vart det i fjor teke opp behov for å auke opp ressursar til hjelpepersonell ved legeskjortet/helseavdelinga, det same har vore nemnt for 2018. Ein har pr. i dag 0,625 årsverk pr. lege og minimum burde det vore 0,8. Ein slik auke vil utgjere nye 0,7 årsverk hjelpepersonell, noko som ikkje er lagt inn. Det har vore auka fokus på potensiale i å hente inn inntekter i høve takstar på tenestene, dette krev oppfølging.

Det er lagt opp til kjøp av nytt EKG apparat i 2018, estimert til kr. 40` Posten for innleige av ekstrahjelp/legevikar er styrkt noko. Det er ikkje gjort andre vesentlege endringar på legeskjortet.

Tysnes kommune har eiga legevakt, og tilsette går i 4-delt vakt. Det er lagt til grunn vidareføring av legevakt som i dag. Det er intensjon å drøfte bakvakttenester med Kvinnherad, når det vert krav om slik vakt etter akuttmedisinforskrifta.



Tabellen under viser at Tysnes har relativt høge driftsutgifter til lege per innbyggjar, men dette er også spegla i at me har mange legeårsverk per innbyggjar. Så lenge me ønskjer å oppretthalda eiga legevakt må me vera viljuge til å prioritera tenesta på dette nivået.

Kommunehelse – nøkkeltal 2015 (KOSTRA)	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostra- gruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	3613	3976	3900	3501	2363	2514
Netto driftsutgifter i prosent av samla netto driftsutgifter, konsern	6,6	6,6	6,4	5,6	4,4	4,8
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggere	14,4	14,3	14,0	12,8	10	10,6

5.3.3 FYSIOTERAPI/ERGOTERAPI

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Fysioterapi	1 570 524	4,1 %	1 509 184	4,5 %	1 444 574	1 536 275
Ergoterapi	802 931	4,7 %	766 641	12,6 %	680 853	788 780

I innspel frå fysioterapitenesta er teke opp behov for nytt utstyr, m.a. ny behandlingsbenk ved flytting til nytt omsorgssenter, dette er kjøpt inn på driftsbudsjettet for i år.

Det er teke opp ønskje om å kunne auke opp ressursar, og at psykomotorisk fysioterapi kan bli eit tilbod for innbyggjarane i kommunen. Totalt sett har kommunen eit breitt fysioterapitilbod, og ein ser ikkje å kunne auke opp den kommunale fysioterapitenesta, og dette er ikkje gjort.

Ergoterapitenesta blir vidareført som no, tenesta fungerer godt med 0,8 årsverk. Budsjettposten utstyr kunne gjerne vore styrka utover dagens nivå utan at det er gjort i budsjettframlegget.



Dekningsgrad	Tysnes	Kostra- gruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere	12,8	10,6	8,6	9,1
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere	2,8	2,8	4,3	3,9

5.3.4 PSYKISK HELSE

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Psykiatri	1 855 442	-22,1 %	2 381 164	4,1 %	2 286 529	1 848 037

Psykisk helse fekk ei styrking med 0,5 årsverk gjennom tilskot til kommunalt rusarbeid i 2017, og dette vert å søke vidareført i 2018, årsverket er ført på ansvar for edruskap. Tiltaket er eit prosjektbasert samarbeid mellom NAV og psykisk helse der målet er å kunna gje eit betre samla tilbod innanfor rus og psykiatri.

Årsaken til at ansvaret får ei så stor budsjettmessig endring er at det er gjort ein reduksjon på internkjøp i storleik kr. 563`, tilsvarande internsal er teke vekk frå ansvaret *Administrasjon*.

5.3.5 NAV – SOSIALE TENESTER

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Sosiale tenester	2 221 474	-27,4 %	3 058 685	12,6 %	2 715 861	2 778 936
Edruskap	3 500	-56,3 %	8 004	0,0 %	8 004	15 035



Mottak flyktningar	4 170	0,0 %	-	-100,0 %	4	474 389
--------------------	-------	-------	---	----------	---	---------

Tysnes kommune fekk midlar i høve kommunalt rusarbeid 2017 med kr 990` + kr 10`til kompetanseutvikling, og tenesta er styrka. Av desse midlane vart det oppretta 1 årsverk til sosialkonsulent. Kommunen kan søke om tilskot til dei nye stillingane i tre år til.

Auke i talet flyktningar i kommunen gjev større trong for oppfylging og høgare utbetaling av sosialhjelp til denne gruppa. Samstundes gjev eit høgare tilfang av ledige stillingar, saman med forsiktig optimisme tru på at fleire utan spesielle utfordringar klarar seg sjølve, også i 2018. Me har enno ungdomssatsinga i fokus (aktivitetsplikt for stønadsmottakarar under 30 år). Posten for yting til livsopphald for er samla redusert med kr. 700`, dette kan vera optimistisk, men arbeidet som er lagt ned i inneverande år er svært godt og kan gje rom for ein slik reduksjon. Når det gjeld yting til livsopphald under ansvar for flyktningar er det føresett at den «nulla ut» gjennom bruk av tidlegare års fondsavsetning, det er lagt opp til bruk av driftsfond i storleik kr. 300`.

Me vil fortsette med bruk av statlege verkemidlar for å sikra aktivitetsplikta, og gje tilbod om aktivitet. Slik kan me også redusera utgiftene til sosialhjelp. Me vil fortsette å krevja inn refusjonar der det er turvande .

Det er kommen signal frå UDI om at talet flyktningar³ som kjem til mottak er kraftig redusert, og at busetting vil reduserast. Dette vil ha konsekvensar for kommunen i form av redusert tilskott, noko som gjev lågare inntekt til tenesta. Dette vil ikkje ha store konsekvensar i 2018, men vil kunne medføre at me må gjera ein vurdering opp mot vidare drift av tenesta etterkvart. Førebels vil me ha så mange flyktningar i programmet at me har trong for dei ressursane som er avsett. Me vil, dersom det er busettingsklare flyktningar, ta imot ytterlegare seks flyktningar i 2017. Dette, og 2. -gangs busetting pga familiesameining, og oppgåver i samband med dette gjer at det ikkje vil medføre store endringar i komande år. Dersom denne trenden fortsetter, vil me kunne vri ressursane i tenesta inn mot auka oppfølging i NAV etter kvart som flyktningane avviklar programmet og har trong for oppfølging vidare. Førebels er det tre flyktningar som har avslutta programmet. Her er det ei som skal vidare i utdanning, ein på tiltak, og ein med deltidsjobb og som søker arbeid.

Det er sett av midlar til innbu og utstyr tilsvarande kr. 25` i budsjett for 2018, dette er mellom anna knytt til nytt alarmsystem/overfallsalarm, me har ikkje motteke pris på dette ennå.

³ Det vert lagt fram ei eiga sak knytt til busetting i 2018 og røynsler sålangt.



5.3.6 PLEIE OG OMSORG

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Pleie og omsorg	-	0,0 %	-	-100,0 %	169 219	82 565
Tysnes sjukeheim	26 442 089	1,1 %	26 149 012	5,6 %	24 771 682	27 662 346
Heimesjukepleie	11 344 257	15,8 %	9 796 896	6,4 %	9 209 347	10 185 869
Heimehjelp	4 257 279	15,5 %	3 686 928	4,5 %	3 527 846	3 871 983
Haugen bufellesskap	7 856 248	4,3 %	7 532 396	-1,6 %	7 653 394	7 570 638
Vågsmarka bufellesskap	5 045 365	3,0 %	4 898 043	9,8 %	4 458 889	5 934 606
Trygde- og omsorgsbustader, Uggdal	-1 175 000	70,3 %	-690 000	0,0 %	-690 000	-754 567
Trygde- og omsorgsbustader, Våge	-910 000	-9,9 %	-1 010 000	0,0 %	-1 009 992	-1 035 253
Trygde- og omsorgsbustader, Nymark	-240 000	-53,5 %	-516 000	0,0 %	-516 000	-314 805
Tiltak for funksjonshemma	1 855 442	-22,1 %	2 381 164	4,1 %	2 286 529	1 848 037
Dagsenter	2 472 445	-13,2 %	2 849 141	23,0 %	2 316 959	2 907 424



<i>Prioritering Pleie- og omsorg – KOSTRA 2015</i>	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostragruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern	21 824	21 406	21 932	20 906	16 540	16 652
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over, konsern	290 493	296 396	298 751	372 259	392 141	396 239
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over, konsern	105 956	99 455	100 062	112 302	118 903	114 416

I tabellen ser me at netto driftsutgift i pleie- og omsorgstenesta per innbyggjar er noko høgare enn gjennomsnittet i kommunegruppa og landet forøvrig. I prinsippet kan me sei me har ei meirutgift samanlikna med Noreg totalt på om lag kr. 15 million som direkte følgje av demografien. Dersom me tar høgde for demografien og seier at det i første rekkje er snakk om tenester til personar over 80 år så vert bilete veldig annleis, dersom me hadde lagt på same kostnadsnivå som landsgjennomsnittet ville me hatt ei meirutgift tilsvarande kr 16,4 millionar per år for å ivareta vår innbyggjarar over 80 år. No kan det sjølvstapt vera fleire årsaker til at bilete ser slik ut, ein av årsakene kan vera at tysnesingar er friskare og at dei såleis i mindre mon treng tenester når dei er over 80 år, men dette kan ikkje vera heile forklaringa. Faktum er at me driv desse tenestene svært effektivt, og me driv dei effektivt på grunn av at me ikkje har noko anna val med den demografiske ubalansen me har.

5.3.6.1 PLEIE OG OMSORG

Under ansvaret pleie- og omsorg har me tidlegare hatt TAF lærling med lokal forankring. Dette har vore eit ekstra lærlingopptak, kontrakt for lærling gjekk ut sumaren 2016 og det er ingen aktuelle kandidatar p.t. Dei ordinære lærlingane er ført på ansvara Tysnes sjukeheim og heimesjukepleien.

5.3.6.2 TYSNES SJUKEHEIM

I innspel til budsjett 2017 var dette teke opp:

«I budsjettinnspel er teke opp at planlegging og førebuing av nytt omsorgssenter vert ei hovudoppgåve i 2017, og vil trekkje mykje leiarressursar, stikkord kan nemnast:

- *endra organisering/bemanningsplan*
- *nytt system for matproduksjon og kjøkkendrift*
- *planlegge driftsomlegging og flytting*

- oppstart dagsenter

Det vil vere behov for å avsetje ressursar i budsjett 2017 til planlegging og gjennomføring av driftsomlegging, flytting m.m.

Det er teke opp behov for styrking av grunnbemanninga med bakgrunn i; krav og forventningar, sentrale føringar, samhandlingsreforma m/ raske utskrivningar og meir avansert behandling, akutte døgnplassar, styrking av sjukepleiebemanning ndg bemanning, styrke kompetanse m.m.»

Det siste innspelet vil også gjelde for 2018, og er delvis imøtekome i budsjettframlegg.

I 2018 er ein i gong med drift i nytt omsorgssenter:

- 30 institusjonsplassar
- 1 dagsenter, 8 plassar

For institusjonsdrift og dagsenter planlegg ein med ca 36 årsverk, ca. 3 årsverk mindre enn ein har i dag, men likevel ei styrking utover dagens nivå.

Omlegginga vil medføre inntektsbortfall på institusjonsdrifta, stipulert med ca kr 1,35 mill.

- 10 omsorgsbustader

Ein må sjå dette bortfallet i samanheng med inntekter på utleige av 10 nye omsorgsbustader. Leigeinntekt pr. omsorgsbustad gj.snitt kr 4.500,- x 12 mnd. x 10 bustader = kr 540.000,- I hovudsak vil dette kompensere noko for reduksjon av inntekt institusjonsplassar.

Forholdet med inntektsbortfall institusjon sett opp mot nye leigeinntekter omsorgsbustader vil utgjere ca kr 810` i mindre inntekter. Dette er teke høgde for i budsjettframlegget.

I Fylkesmannen sitt skriv om statsbudsjett 2018 – kommuneopplegget, av 12.10.17 står slik: «*Kommunane vil frå 01.01.2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020*».



Eit tilbod om dagsenter 4 dagar pr. veke i omsorgssenteret, vil vere med å gje eit nytt og betre tilbod til heimebuande personar, dei som bur i eigen heim el. trygde- og omsorgsbustader.

Det er planlagt start av dette tilbodet i november d.å. i nytt omsorgssenter, med 2 x 0,81 årsverk. Det er lagt inn ny kostnad til transport av brukarar ved bruk av leasingbil tilsvarand kr 54. Det er trekt ut 50 % stilling som aktivitør/kulturarbeidar, desse ressursane er tilført open omsorg. Det er vidare føresett at me får statleg tilskot til dagaktivitetstilbod, dette utgjer p.t. litt over kr.70` per plass, samla utgjer det kr. 586` for 2018.

I høve nytt omsorgssenter er kjøpt inn pasientvarslingssystem gjennom Hospital IT, det er også gjort ei føringsendring knytt til fagsystemet for pleie og omsorg der kr. 200` er overført frå helse- og sosial administrasjon. Dei samla driftskostnadene til IT vert då kr. 766`.

Tabellen under viser at drift per sjukeheimplass i Tysnes kostar i snitt nær kr 160` mindre enn på landsbasis i 2016, dei endringane som no er gjort i samband med driftskonseptet vil truleg gjera at me kjem opp på om lag same kostnadsnivå som landsgjennomsnittet.

Produktivitet/Enhetskostnader kommunale institusjoner :

	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2015	Kostra- gruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	911 949	861 718	934 868	1 023 133	1 075 455	1 093 650

5.3.6.3 OPEN OMSORG

I 2015 vart open omsorg styrkt med omlag 1,4 årsverk, i 2016 var ergoterapitenesta styrkt og det vart sett i gang ein prosjekt knytt til omsorgsteknologi. Inn mot 2018 er det endringar i driftskonseptet for pleie og omsorg, ikkje minst får me ei viss forskyving mellom institusjon og open omsorg. Me etablerer samstundes eit dagtilbod for heimebuande demente og endrar konsept for matproduksjon.

Rekneskapstala for 2017 viser eit forbruk på heimehjelp innafor budsjetterte rammer, men eit auka forbruk på heimesjukepleie på ca kr 700` pr. dato, og er forventa auka til opp imot kr. 1 million i løpet av inneverande år. Det har vore stor pågang på tenesta i inneverande år, noko som har gjeve negativt utslag økonomisk.

For å løyse oppgåvene har det vore nytta personellressursar utover budsjetttrammene, primært gjennom innleige. Leiar nyttar ressursane på tvers av tenestene, og det er ikkje gjort noko flytting av ressursar/stillingar mellom budsjettkapitla.



Ved driftsomlegging og 10 omsorgsbustader i nytt omsorgssenter, vil dette medføre auka «trøkk» på tenesta i open omsorg, og ein ser det nødvendig med ei styrking av tenesta på dag og kveld med inntil 1 årsverk.

Ny matproduksjon etter kok-kjøll prinsippet vil dette medføre at meir av middagslevering ut til heimebuande kan utførast av Friviljugsentralen, og mindre på heimetenesta. Dette voner ein vil frigjere personalressursar i heimetenesta som heller kan nyttast til direkte pasientoppdrag.

Tenesta er for 2018 tilført kr. 730` for styrking av heimesjukepleia, i første omgang er styrkinga tilført ved å auka ramma for kjøp av tenester, etter kvart som me ser konsekvensane fullt ut av nytt driftskonsept kan det vera aktuelt å løyse dette på anna måte. Midlane som vert nytta til styrking av tenesta er tilskot til dagsenter for demente, samt 50 % stilling som aktivitør ved Tysnes sjukeheim.

Tabellen under viser at produktiviteten per mottakar av heimetenester er høg, når prisen per mottakar vert redusert samalikna med tidlegare år må det sjåast i samanheng med at me har fleire brukarar innanfor same bemanning.

Produktivitet/enhetskostnader for hjemmetjenester :

	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostra- gruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern	193 681	197 460	189 270	222 832	259 891	246 364

5.3.6.4 HAUGEN BUFELLESSKAP OG VÅGSMARKA BUFELLESSKAP

Begge bufellesskapa er vidareført i same omfang som tidlegare år.

I lønsbudsjettet for Vågsmarka er vidareført med dei stillingane som har vore skipa i høve tidlegare ekstra ressurskrevjande brukar, som hadde 2:1 personell på seg, totalt utgjer dette 5,12 årsverk. Delar av desse stillingane er pr. i dag stilt i vakanse i påvente av ei nærare avklaring i høve ressursbehov. Det er lagt opp til tilflytting av ein brukar f.o.m. desember i år. Det er vert vidare peika på at ei samorganisering mellom Haugen bufellesskap og dagsenteret kan gje betre samordning av personell.



Tilbod om betre arbeidsplassar, garderobe etc. for personalet bør vurderast ved begge bufellesskapa om det no ser ut til at nytt bufelleskap dreg noko ut i tid, det skal nemnast at det vert gjort eit viktig arbeid med investering i nytt ventilasjonssystem for Haugen dette året.

Det må i tillegg nemnast at ordninga med ressurskrevjande brukarar igjen vert dårlegare gjennom statsbudsjettet, dette kan føra til svikt i inntekter. Endringa er at innslagsnivået igjen vert auka med kr 50` utover prisjustering, endringa inneber såleis ei innstramming i høve til refusjon for denne brukargruppa.

5.3.6.5 DAGSENER PSYKISK UTVIKLINGSHEMMA

Det er lagt opp til ei vidareføring av dagens drift. Utifrå ulike utfordringar med bygget som dagsenteret leiger er det gjerne aktuelt tidspunkt å vurdere om dagsenter bør verte flytta over i lokaler som kommunen eig, t.d. i gamalt sjukeheimsbygg.

5.3.6.6 TILTAK FOR FUNKSJONHEMMA

Tysnes kommune kjøper pr. i dag plass i Bømlø kommune for ein yngre brukar fram til 31.12.17. Dette tilbudet er sagt opp, og denne brukaren flytter inn i ledig bustad i Vågsmarka fom 01.01.17. Denne brukaren vil krevje ekstra personellressursar på seg, som tidlegare nemnt gjerne 1:1 bemanning.

Kompensasjonsgrad i høve ressurskrevjande brukarar vert vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået. Innslagsnivået vert auka pr. brukar frå 1,157 million til kr 1,235 million for netto utgifter i 2017. Dette inneber ein auke på 50` utover justering for pårekna løns- og prisvekst i 2017 (2,4 prosent).

Det er på gong ein søknad til ein brukar om tenester gjennom BPA ordninga, omfanget er ikkje kjent pr. i dag, og tiltaket er budsjettert til ei ramme på 1 million. Det er uvisst om denne ramma er tilstrekkeleg.

5.3.6.7 TRYGDE OG OMSORGSBUSTADER

Trygde og omsorgsbustader er budsjettert vidare med same inntektsnivå som i dag, det er lagt til grunn ein føresetnad om kr. 540` i inntekt for nye omsorgsbustader på nytt omsorgssenter. Når det gjeld inntekter på omsorgsbustader på Nymark er forventa inntekter redusert frå kr. 540` til kr. 240` Det er lagt opp til å gjera grep for å selja anlegget i løpet av 2018.



5.3.11 FRIVILJUGSENTRALEN

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Friviljugsentral	347 198	12,3 %	309 297	123,3 %	138 511	148 030

Tenesta er vidareført på same nivå som tidlegare. Ifrå 2017 er det øymerka statstilskotet lagt inn i ramma til kommunane.

5.4 LANDBRUK OG TEKNISK – HOVUDKAPITTEL 1.4

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Landbruk- og teknisk administrasjon	108 543	1,9 %	106 491	-1,3 %	107 895	151 876
Jordbruk	1 444 026	2,4 %	1 409 529	2,6 %	1 373 501	1 314 023
Viltforvaltning	-	-100,0 %	57 331	0,0 %	57 331	7 120
Kart, oppmåling, skilting m.m.	491 741	-27,5 %	678 680	66,4 %	407 809	449 859
Brann	3 050 764	13,5 %	2 688 885	-3,4 %	2 783 718	2 749 188
Byggforvaltning	464 352	4,1 %	446 112	57,6 %	283 114	872 831
Bygg- og eigedomsforvaltning	5 365 015	10,0 %	4 877 379	-4,8 %	5 122 027	4 668 162
Renovasjon	-98 112	-53,8 %	-212 510	0,0 %	-	-
Kloakk	-341 447	10,9 %	-307 776	-1,1 %	-311 173	-200 203
Vatn	200 000	0,0 %	-	0,0 %	-	-
Vegar	3 177 075	37,7 %	2 307 708	3,2 %	2 235 614	2 679 542
SUM Landbruk/Teknisk	13 861 958	15,0 %	12 051 829	-0,1 %	12 059 836	12 692 399



Det er lagt opp til ein relativ stor oppgang på budsjettområde, i første rekkje er dette knytt til ansvar for *Brann og Bygg og eigedomsforvaltning* samt ansvar for *Vegar*.

5.4.1 ADMINISTRASJON

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Landbruk- og teknisk administrasjon	108 543	1,9 %	106 491	-1,3 %	107 895	151 876

Det som ligg att på dette ansvaret er utval landbruk/teknisk, det er ikkje gjort endringar med omsyn til utvalet i framlegget. Det er føresett at område vert vidareført som i dag.

5.4.2 JORDBRUK – SKOGBRUK – VILTFORVALTNING.

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Jordbruk	1 444 026	2,4 %	1 409 529	2,6 %	1 373 501	1 314 023
Viltforvaltning	-	-100,0 %	57 331	0,0 %	57 331	7 120

Det er ikkje gjort andre føresetnader på desse områda enn at det interkommunale landbrukssamarbeidet vert prisregulert tilsvarande deflatoren. Avsetning til bunde fond innan område vilforvaltning er redusert tilsvarande kr 57`.



5.4.2 KART – OPPMÅLING - SKILTING.

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Kart, oppmåling, skilting m.m.	491 741	-27,5 %	678 680	66,4 %	407 809	449 859

Kart og oppmåling vert endra ved at me legg til grunn at om lag 0,3 årsverk vert aktivert under investering knytt til fullføring av prosjekt for adresser. Me har vidareført dagens inntektsnivå i tenesta.

Eventuelt kjøp av konsulent, ekstrahjelp for 2018 kan vurderast innanfor samla avsetning til løn då me ventar noko permisjonar også til neste år.

Utover dette vert tenesta vidareført på same nivå som i dag.

5.4.3 BRANN

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Brann	3 050 764	13,5 %	2 688 885	-3,4 %	2 783 718	2 749 188

Under brannområde ligg førebygging, feiing og vanleg tilsyn samt beredskap. Ei endring innanfor ansvar Brann er at me har ført 20 % av løna til einingsleiar brann og teknisk drift tilbake til Brann, me ser behovet for å ha eit tettare fokus på denne tenesta og må vurderer å gje ein av dei tilsette i drift og vedlikehald noko leiaroppgåver for avlastning.

Innanfor område feiing og bustadtilsyn har dei seinare år basert oss på kjøp av tenester, røynsle med dette har vore positive og ordninga vert vidareført i 2017. Feiing er lagt inn med eit overskot på om lag kr. 60`, men her har me med oss framførte underskot gjennom mange år. Etter

gjennomgang av dette sjølvkostområde er det lagt inn ein føresetnad om å auka avgifta for feiing og bustadtilsyn tilsvarande 7,5 % frå og med årsskifte 2018.

Førebygging og beredskap er tilført noko lønsmidlar, utover dette er det budsjettert med kr. 250` til opplæring av mannskap, posten for øving og vaktordning er auke med kr. 80` til samla kr. 780`. Det er vidare lagt inn ein føresetnad om kjøp av utstyr tilsvarande kr. 60` og det er føresett kontingent til Vest brann og redningsregion, kr. 110`, i samsvar med kommunestyre sitt vedtak av 13.09.17.

Av tabellen under ser me at netto driftsutgifter til beredskapsområde er marginalt høgare i Tysnes enn for kommunar i vår kommunegruppe, samanlikna med snittet så er det noko høgare driftsutgifter til beredskap

Prioritering	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostra gr- 02	Hordaland	Noreg totalt
Netto driftsutgifter til funksjon beredskap pr. innbygger	882	997	963	941	750	723
Netto driftsutgifter til funksjon førebygging per innbygger	90	162	66	26	57	56

5.4.4 BYGGFORVALTNING

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Byggforvaltning	464 352	4,1 %	446 112	57,6 %	283 114	872 831

Det er lagt opp til at deler av stilling som arealplanleggjar vert flytta over til ansvar 1100 for å sikra betre trykk på arbeidet med kommuneplan.

Inntektene på område er tilsvande justert ned med om lag kr. 210`, det er vidareført postar til advokat og konsulenttenester med kr. 100`.



Det vert arbeid vidare med gebyrregulativet på dette fagområde då gebyra også skal ta omsyn til gjennomføring av tilsyns- og kontrolloppgåver, me driv i dag ikkje tilsyn og kontroll i det omfanget me bør og må koma meir på banen her. Dette inneber at det kan vera behov for å auka gebyra utover kostnadsdeflatoren, det er skissert ein auke på om lag 10 % for å ivareta tilsynsfunksjonane..

5.4.5 TEKNISK DRIFT

	Budsjett 2018	Endring budsjett 2017-18	Rev. Budsjett 2017	Endring budsjett 2016-17	Budsjett 2016	Rekneskap 2016
Bygg- og eigedomsforvaltning	5 365 015	10,0 %	4 877 379	-4,8 %	5 122 027	4 668 162
Renovasjon	-98 112	-53,8 %	-212 510	0,0 %	-	-
Kloakk	-341 447	10,9 %	-307 776	-1,1 %	-311 173	-200 203
Vatn	200 000	0,0 %	-	0,0 %	-	-
Vegar	3 177 075	37,7 %	2 307 708	3,2 %	2 235 614	2 679 542

Eininga sitt budsjett omfattar drift og vedlikehald av Tysnes kommune sine bygg, vegar, avlaup, renovasjon og kyrkegardar, me har også lagt inn eit ansvar for vatn for å føra kontroll over kostnader til å utgreie ei eventuell overtaking av Tysnes Vassverk SA og Uggdal Vasslag SA.

Utviklinga på eininga har gått frå ei drift der Tysnes kommune sine tilsette har utført alle større og mindre driftsoppgåver - til i dag då mykje av desse oppgåvene er kjøpt inn frå eksterne leverandørar. Eksempel på innkjøp er anleggsoppgåver knytt til veg og avlaup, og driftsoppgåver som måling og større reperasjonsarbeid innafør byggvedlikehald. Elles nyttar eininga sommarhjelp for vedlikehald av kyrkjegardar og kommunal grøntanlegg.

5.4.5.1 BYGG OG EIGEDOMSFORVALTNING

Bygg og eigedomsforvaltning er auka opp samanlikna med tilsvarande nivå i 2017, men me skal då ha med oss at då var særskilt høg.



Vedlikeholdsmidler vert endeleg fordelt etter ein samla vedlikehaldsplan der det vert lagt til grunn følgjande prioriteringsrekkefølge:

- 1) Tiltak som er turvande for å ivareta helse- miljø og tryggleik for tilsette og brukarar.
- 2) Tiltak som er turvande for å ivareta omsynet til god byggforvaltning med omsyn til følgjekostnader av forsømt vedlikehald.
- 3) Andre tiltak.

Me legg elles opp til å vidareføra den auken som vart lagt opp i 2017 knytt til inntak av sumarvikarar, på denne måten har me von om å gjera litt meir i eigen regi.

Av tiltak og bygg som får særskilt merksemd i 2018 nemner me mellom anna:

- Lunde barnehage kr. 270` til maling
- Tysnes skule kr. 190` til ulike vedlikehaldstiltak
- Onarheim skule kr. 370` til maling og noko innomhus vedlikehald.
- Bufelleskap Haugen kr. 200` til nye terassedører, kjøken m.v.
- Symjehallen kr. 100` til ulikt vedlikehald, m.a. skifte av vindauger.

Forutan dette vert det sett av kr. 40` til gravramme for kyrkjegardar for å betra tryggleiken i arbeidet.

Det vert lagt opp til at me prøver å selja gjennomgangsbustaden i Uggdal og bustader på Hovland, inklusive gamle aldersheimen. Det er ført ei utgift tilsvarande kr. 120` for meklartenester og taksering i forkant av sal. Inntektene knytt til gjennomgangsbustaden er justert ned då me reknar med å få solgt den i løpet av året.

Det kunne vore ønskjeleg å sett av midlar til riving og sanering av det gamle tunet som ligg framføre omsorgssenteret, det er eit tidsspørsmål før dette tvingar seg fram.

Tabellen under viser at driftskostnad til kommunal eigedomsforvaltning per kvadratmeter er lågare enn tilsvarande tal i kommunegruppa, Hordaland og landet forøvrig. Utgifter til til vedlikehald per kvadratmeter er vesentleg høgare enn samanliknbare kommunar.



Kommunal eideomsforvaltning	Tysnes 2014	Tysnes 2015	Tysnes 2016	Kostra- gruppe 02	Hordaland	Noreg totalt
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter., konsern	699	669	713	918	1173	1077
Utgifter til vedlikeholdsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter	276	256	259	92	122	98

5.4.5.2 VEGAR

Det er lagt opp til å auka budsjett for oljegrusing opp til kr. 500`, dette inneber ein auke på 150` samanlikna med dagens nivå. Me har elles auka posten for service og driftsavtaler med kr. 500`, dette er dels knytt til at brøyteberedskapen kostar noko meir i komande år og elles til at me ønskjer å få ein avtale knytt til grøftereinsking. Store nedbørsmengder tilseier at grøftereinsking kan vera ei god investering i vegvedlikehaldet vårt.

5.4.5.3 KLOAKK OG RENOVASJON

Renovasjon er eit sjølvkostområde og det ser ikkje ut til at det er behov for å auka gebyra på dette område, tvert imot tilseier sjølvkostkalkylen me har gjort at gebyr for renovasjon kan reduserast tilsvarande 5 % for 2018.

Når det gjeld område kloakk vert det nytta nær kr. 900` av bundne fond til å gjennomføra tømning av septiktank/slam, det er vidare budsjettert med bruk av bundne fond innan område avløpsreinsing tilsvarande kr. 450` Total bruk av bundne fond innanfor kloakkområde er då kr. 1,35 million. Gebyrauken innan område kloakk vert 2,6 %, altså tilsvarande berekna løns- og prisvekst.


Når det gjeld område klokke meiner me at me har behov for å styrkje dette område med ei dedikert stilling, i dag vert område løyst gjennom noko stillingsressursar frå veg og noko frå bygg. Ved at fagområde vert tilført ei stilling vil me også frigjere noko ressursar til bygg og



eigedomsforvaltning og noko til veg. Deler av ressursane som vert tilført bygg og eigedomsforvaltning vert ført over til investeringar for å sikra betre oppfølging og kontroll over pågåande prosjekt, i realiteten vert allereie nokre mindre prosjekt gjennomført a Bygg og eigedomsforvaltning utan at løna vert aktivert på investeringa.



6 INVESTERINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Tysnes kommune							
Investeringsbudsjett 2018 - 2021							
Revisjon utarbeida: 29.09.2017							
Prosjekt / investeringsobjekt	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt i økonomiplanperioden (2018 - 2021)	
Administrasjon og økonomi							
Eigenkapitalinnskot KLP		850 000	870 000	890 000	910 000		
Sum Administrasjon og økonomi	-	850 000	870 000	890 000	910 000	3 520 000	
Nye bygg og anlegg							
Tysnes omsorgssenter byggetrinn 1	76 480 000	3 000 000					
Tysnes skule mellomtrinn	500 000	9 917 128	46 000 000	5 000 000			
Onarheim barnehage					36 600 000		
PU bufelleskap							
Rubbhall Eredalen	850 000	101 000					
Ny garasje i Eredalen		510 000					
Sum Nye bygg og anlegg	77 830 000	13 528 128	46 000 000	5 000 000	36 600 000	178 958 128	

Investeringar i eksisterande bygg og anlegg	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt i økonomiplanpe
Sprinkling av PU Vågsmarka		750 000				
Tilstandsrapport Tysnes sjukeheim		150 000				
Arkitektutgreiing for vidarebruk sjukeheimen		500 000				
Maling av Tysnes kyrkje		950 000				
Enøk symjehallen		100 000				
Ombygging av garderober i symjehall				8 500 000		
Sum Investeringar i eksisterande bygg og anlegg	-	2 450 000	-	8 500 000	-	10 950 000
Uteområde, leik og park						
Uteområde Onarheim barnehage og skule		200 000				
Peralio		-				
1000-års staden Onarheim					xx	
Sum Uteområde, leik og park	-	200 000	-	-	-	200 000
IKT og applikasjonar						
Omsorgsteknologi	1 875 000	1 000 000	500 000			
Digital arbeidsflyt helse og sosial		125 000				
E-handel		400 000				
Ny telefoniløysing		200 000				
Meir-ope bibliotek		312 500				
Citrix osv.		231 604				
E-byggesak		162 500				
Sum IKT og applikasjonar	1 875 000	2 431 604	500 000	-	-	4 806 604

Eigedom, bustad og næring	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt i økonomiplanen
Grunnkjøp		2 000 000				
Nye bustadfelt						
Asfaltering				1 000 000		
Sal av eigedommar	-500 000	-1 000 000	-500 000	-500 000	-500 000	
Utbyggingsavtalar		4 875 000				
Adressering og skilting		522 885	250 000			
Sum Eigedom, bustad og næring	-500 000	6 397 885	-250 000			
Andre investeringar						
Lenser / pumper brannvesen		100 000				
2 x el-bil vaktmesterteneste		440 000				
Sum Andre investeringar	-	540 000	-	-	-	
SUM		26 397 617	47 120 000	14 390 000	37 510 000	125 417 617
Låneopptak		20 881 167	36 900 000	10 700 000	29 180 000	
MVA		4 666 450	9 350 000	2 800 000	7 420 000	
Overført frå drift		850 000	870 000	890 000	910 000	
Total investering		26 397 617	47 120 000	14 390 000	37 510 000	
<i>Kontroll</i>		-	-	-	-	

Samla er det lagt opp til investeringar i storleik 125 millionar over dei neste 4 åra, det er mykje. I det følgjande går me raskt gjennom dei ulike punkta i hovudoversikten.

6. 1 ADMINISTRASJON OG ØKONOMI

	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt 2018-21
Eigenkapitalinnskott KLP		850 000	870 000	890 000	910 000	
Sum Administrasjon og økonomi	0	850 000	870 000	890 000	910 000	3 520 000

Det er no berre eigenkapitaltilskottet som vert ført under administrasjon og økonomi. Beløpet vil auka i økonomiplanperioden. Eigenkapitaltilskottet vert ført som investering, men det er ikkje rom for å lånefinansiera dette.

6.2 NYE BYGG OG ANLEGG

	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt 2018-21
Tysnes omsorgssenter byggetrinn 1	76 480 000	3 000 000				
Tysnes skule mellomtrinn	500 000	9 917 128	46 000 000	5 000 000		
Onarheim barnehage					36 600 000	
PU bufelleskap						
Rubbhall Eredalen	850 000	101 000				
Ny garasje i Eredalen		510 000				
Sum Nye bygg og anlegg	77 830 000	13 528 128	46 000 000	5 000 000	36 600 000	101 128 128

Prosjektet Tysnes omsorgssenter er no i ferd med å bli slutført, men me er ikkje heilt klare til å gjera opp prosjektrekneskapen ennå. Drøftingar kring sluttoppgrer frå totalentreprenør vil truleg strekka seg inn i dei første månadene i 2018. Det er også noko eigne aktivitetar me skal slutføra i 2018.

Det har ikkje lukkast å koma i gang på Tysnes skule no i haust, dette har sjølv sagt samaheng med vår totale kapasitet og behovet for å få ei ordna slutføring av omsorgssenteret, det har også vore turvande å handtera prosjekt knytt til omsorgsteknologi no i haust då det er kritisk for

innflytting i nytt omsorgssenter. Dei midlane som var avsett til planlegging har me overført til komande år. Prosjektet på Tysnes skule vert då etter planen slutført endeleg i 2020.

I 2021 har me lagt inn ei ramme for investering i Onarheim barnehage, det betyr at me ventar til me er ferdig med Tysnes skule før me tek fatt på barnehage. Det er i dag kritisk dårleg plass i barnehagen i Onarheim, me ser også at bygda veks raskt og at det er eit stort potensiale for vekst og utvikling i bygda. I dag har me 42 plassar i Onarheim barnehage. I vårt estimat har me lagt til grunn eit bygg med 3 avdelingar med plass til inntil 24 plassar. Budsjettprisen byggjer på erfaringstal frå 123 barnehagebygg som vart opført i perioden frå 2013-2015. Rapporten vart publisert av Rambøll juni 2017. Kostnadene som er tekne med her er både bygg og uteområde, me har vidare føresett at Tusenårsstaden kan takast inn som ein del av dette prosjektet.

Det vert ikkje tilrådd å gå vidare med planar om investering i nytt bufellesskap for utviklingshemma i økonomiplanperioden. Dette er knytt til at behovet for plassar ikkje lenger er like akutt og at me ikkje kan tilrå å gjera ei vidare auke av den totale investeringsramma i perioden. Bufellesskap kan også vera eit av vurderingstemaer når me planlegg etterbruk av eksisterande sjukeheim.

Rubbhall og ny garasje i Eredalen er ein del av ei samla ombygging av lokala til teknisk drift slik at me også får samlokalisert brann, investeringa går kr 177^ over fastsett ramme og er fremja som eiga sak til formannskapet. Me ser føre oss at alt arbeidet er slutført innan første kvartal 2018.

Nytt kyrkjelydsbygg er ikkje teke inn i investeringsplanen, men er til vurdering fram til formannskapet gjev sitt budsjettframlegg, spørsmålet ligg p.t. til handsaming.

Samla er det føresett ei investering i nye bygg og anlegg tilsvarande kr. 101 128 128 i økonomiplanperioden.



6.3 EKSISTERANDE BYGG OG ANLEGG

	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt 2018-21
Sprinkling av PU Vågsmarka		750 000				
Tilstandsrapport Tysnes sjukeheim		150 000				
Arkitektutgreiing for vidarebruk sjukeheimen		500 000				
Maling av Tysnes kyrkje		950 000				
Enøk symjehallen		100 000				
Ombygging av garderober i symjehall				8 500 000		
Sum Investeringar i eksisterande bygg og anlegg	0	2 450 000		8 500 000	0	10 950 000

I 2018 er det lagt opp til sprinkling av bufellesskapet i Vågsmarka, det var opphavleg sett av kr. 350` til tiltaket i inneverande år, men budsjettprisen her var for låg. Sprinkling er turvande for å ivareta brannkrava i bygget.

Det er sett av kr 150` til å laga ein tilstandsrapport over eksisterande sjukeheim, i 2019 er det føresett å nytta kr. 500` til utgreiing av etterbruk. Slik me vurderer det er truleg einaste fornuftige etterbruk å byggja sjukeheimen om til trygde og omsorgsbustader, dette vil også vera i tråd med forstudien som vart gjennomført i tilknytning til omsorgssenteret. I forstudien var det skissert eit byggetrinn to der det var lagt opp til bygging av ytterlegare 15 omsorgsbustader i rimeleg nærleik av omsorgssenteret. Eit alternativ kan vera å tilretteleggja for eit nytt bufellesskap, men dette vil truleg få eit for institusjonelt preg til at me vil kunna få støtte av husbanken til prosjektet.

Det er lagt opp til å mala og gjera noko utbetringar på Tysnes kyrkje i 2018, her har me allereie fått kontraktspris på arbeidet.

Det er sett av kr. 100` til eit varmpumpeanlegg i symjehallen for å redusera kostnader med oppvarming over tid.

Ombygging av garderober i symjehallen vert sett i samanheng med prosjektet på Tysnes skule og kan gjennomførast når mellomtrinnet er rive. Det vert føresett tippemidlar som ein del av finansieringa av tiltaket.

6.4 PARK OG LEIK

	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt 2018-21
Uteområde Onarheim barnehage og skule		200 000				
Peralio						
1000-års staden Onarheim					xx	
Sum Uteområde, leik og park	0	200 000	0	0	0	500 000

Det er gjort framlegg om å investera kr. 200` i opprusting av uteområde ved Onarheim skule, dette gjeld den delen av uteområde som ikkje vert påverka av ein eventuell utbygging av ny barnehage. Det har vore gjort lite for betra uteområde ved skulen dei seinare år

I opprinneleg budsjettforslag frå rådmannen var det lagt inn kr. 300` til utvikling av Peralio som eit nærmiljøanlegg/parkområde, dette er teke ut under formannskapet si handsaming av budsjettet.

1000 års staden på Onarheim er teke ut og me føreset at den kan ivaretakast gjennom ei utbygging av Onarheim barnehage med tilhøyrande uteområde. I gjeldande reguleringsplan for Onarheim er 100 års staden integrert i skulen og barnehagen sitt uteområde.

6.5 IKT OG APPLIKASJONAR

	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt 2018-21
Omsorgsteknologi	1 875 000	1 000 000	500 000			
Digital arbeidsflyt helse og sosial		125 000				
E-handel		400 000				
Ny telefoniløysing		200 000				
Meir-ope bibliotek		312 500				
Citrix.		231 604				
E-byggesak		162 500				
Sum IKT og applikasjonar	1 875 000	2 431 604	500 000	0	0	4 806 604



Budsjettnotat | Økonomiplanperioden 2018 - 2021

Prosjektet for innføring av omsorgsteknologi er i full gang og me må ha pasientvarslingsanlegget oppe og gå innan me tek det nye bygget i bruk, etter planen skal det skje 1. desember. Når me er ferdig med arbeidet med å implementera omsorgsteknologien i institusjonen vert arbeidet ført vidare i open omsorg. Det er kanskje i open omsorg at teknologien har størst potensiale til å gje rammer for meir effektiv drift. Prosjektet skal vera ferdig i 2019.

Digital arbeidsflyt helse og sosial er eit prosjekt for å digitalisera fagsystema for sosial, barnevern og pleie og omsorg, her er det ennå slik at arbeidet må skje med papirmapper. Systema er ikkje tilrettelagd for skanning og digital arbeidsflyt. Me meiner det vil vera eit visst potensiale for effektivisering i prosjektet.

Ehandel må leggjast til rette for slik at me kan f ei best mogleg utnytting av den elektroniske arbeidsflyten som allereie er kome ganske langt innanfor økonomi og innkjøp. Me har fram til no hatt von om at me skulle få med oss Fusa og Samnanger på innføringa her, men ser at me truleg må følgja det vidare opp på eigen hand. Dei fleste kommunar i regionen er no oppe og går fullt ut på E-handel.

Det er lagt opp til å investera kr. 200` i ei ny telefoniløysing, den løysinga me har i dag har dårleg funksjonalitet for trafikkstyring og den sentralen me nyttar vert det ikkje lenger gjort vedlikehald på. Det er heller ikkje pårekeleg å få tak i deler til sentralen om noko skulle verta øydelagd.

Meiroppe bibliotek vart opphavleg føresett driftssett i 2017, ut frå at bibliotekssjefen tiltredde så seint på året har me ikkje fylgt opp denne investeringa i 2017. Det var sett ein budsjettpris på kr. 185` i 2017, nærare undersøking viser at totalprisen vil vera noko over det nivået. Me har då med oss at løysinga også krev noko mindre ombyggingar i hallen, mellom anna med nye låsesystem og dører. I den samla prisen her ligg også kr 70` til nytt biblioteksystem, her er me i drøftingar med Stord om eit samarbeid som gjer at me kanskje slepp å ta noko inn på investering på systemsida.

Det er vidare sett av kr. 230` til å gjera noko meir tilretteleggingar for Citrix i sikker sone, dette er mellom anna knytt til Netscaler som moglegjer arbeid frå heimekontor med vidare. Dette er viktig ikkje minst opp mot å kunne handsama e-meldingar om utskrivningsklare pasientar.



E-byggesak er truleg det systemet som ber i seg det største effektiviseringspotensiale. Systemet er som namnet indikerer knytt til byggesak og legg opp til ei omfattande digitalisering av alle deler av byggesaksprosessen. Det er gjort framlegg om å løva kr 163` til implementering i 2018.

6.6 EIGEDOM, BUSTAD OG NÆRING

	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt 2018-21
Grunnkjøp		2 000 000				
Nye bustadfelt						
Asfaltering				1 000 000		
Sal av eigedommar	-500 000	-1 000 000	-500 000	-500 000	-500 000	
Utbyggingsavtalar		3 900 000				
Adressering og skilting		522 885	250 000			
Sum Eigedom, bustad og næring	-500 000	5 422 885	-250 000			

Me har sett av noko midlar til grunnkjøp i 2018, dette avheng litt kor langt me kjem i grunnforhandlingane no i haust, dersom me blir ferdig med forhandlingar kring Onarheim i 2017 vil det neppe vera behov for å vidareføra posten i slikt omfang også i 2018.

Det er sett av kr. 1 mill til asfaltering i 2020, dette er då asfaltering av vegar som i dag har grusdekke, Bakarvegen og vegen ned til Vevatne er moglege kandidatområder.

Me har vidareført føresetnad om noko sal av eigedomar gjennom heile økonomiplanperioden, estimat for eigedomssal i 2018 er litt høgare enn dei andre åra, men me ser føre oss å leggja ut både Hovland og gjennomgangsbustaden for sal neste år.

Det er p.t. ikkje ført noko beløp på utbyggingsavtalar, me har som mål å forhandle fram ein avtale om Krokjen-Lande i løpet av hausten og det er avtala eit drøftingsmøte i veke 45. Med bakgrunn i dette ser me det som naturleg å koma tilbake til denne posten under prosessen.



Det er lagt inn 3,9 million til utbetring av Landevegen som del av ein utbyggingsavtale for Krokjen Lande. Endeleg avtale vert handsama av kommunestyre i eiga sak.

Adressering og skilting vert teke opp att i 2018 når kart- og oppmålingsansvarleg er attende frå permisjon, me har tru på at me får slutført prosjektet i 2019.

Kommunestyre ber om at det vert utgreidd ulike bustadsosiale tiltak slik som til dømes «eige for leige» i 2018.

Kommunestyre ber om at det vert utgreidd kostnader knytt il oppfølgjin av veg på Hagareseet og gangveg i Vågsmarka i samsvar med vedtekte reguleringsplanar for dei to aktuelle områda.

6.6 ANDRE INVESTERINGAR

	Budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	Totalt 2018-21
Lenser / pumper brannvesen		100 000				
2 x el-bil vaktmesterteneste		440 000				
Sum Andre investeringar	0	540 000	0	0	0	

Med bakgrunn i køyrelengde ser me at det truleg ikkje er tenleg å gå vidare med leasing avtale til bilar for vaktmeistertenesta, det er lagt inn kjøp at to nye bilar, fortrinnsvis elbilar. Den alternative kostnad til leasing for to bilar utgjer om lag kr. 6` per måned, årskostnad kr. 72`.

VEDLEGG : BUDSJETTRAPPORTAR

Budsjettskjema 1A - Driftsbudsjettet			
Tysnes kommune 2018			
	Oppr. budsjett 2018	Oppr. budsjett 2017	Rekneskap 2016
Tal i 1000 kroner			
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER			
Skatt på inntekt og formue	-82 993	-77 938	-76 309
Ordinert rammetilskot	-101 882	-102 000	-100 480
Skatt på eigedom	-10 350	-10 150	-10 169
Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-
Andre generelle statstilskot	-902	-1 347	-1 341
Sum frie disponible inntekter	-196 127	-191 435	-188 298
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER			
Renteinntekter og utbytte	-1 366	-1 666	-1 522
Gevinst finansielle instrument	-	-	-
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 563	4 350	4 448
Tap finansielle instrument	-	-	-
Avdrag på lån	10 815	11 750	9 479
Netto finansinntekter/-utgifter	14 012	14 434	12 405
AVSETNINGAR OG BRUK AV AVSETNINGAR			
Til dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirf	-	-	-
Til ubundne avsetningar	1 069	2 004	5 686
Til bundne avsetningar	116	1 027	940
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforb	-	-	-
Bruk av ubundne avsetningar	-300	-	-
Bruk av bundne avsetningar	-1 644	-928	-3 275
Netto avsetningar	-760	2 103	3 351
FORDELING			
Overført til investeringsrekneskapet	850	750	774
Til fordeling drift	-182 025	-174 149	-171 768
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	182 025	174 149	165 811
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	-	0	-5 957

Budsjettvedlegg 3			
Økonomisk oversikt - Drift			
Tysnes kommune 2018			
Tal i 1000 kroner	Oppr. budsjett 2018	Oppr. budsjett 2017	Rekneskap 2016
DRIFTSINTEKTER			
Brukarbetaling	-10 779	-11 591	-11 535
Andre sals- og leigeinntekter	-20 443	-20 478	-19 957
Overføringer med krav til motytelsar	-27 224	-22 832	-32 632
Rammetilskot frå staten	-101 882	-102 000	-100 480
Andre statlege overf.	-902	-1 347	-1 341
Andre overføringer	-20	-20	-230
Skatt på inntekt og formue	-82 993	-77 938	-76 309
Eigedomsskatt	-10 350	-10 150	-10 169
Andre direkte og indirekte skattar	-	-	-
Sum driftsinntekter	-254 593	-246 356	-252 652
DRIFTSUTGIFTER			
Lønsutgifter	141 835	136 322	135 633
Sosiale kostnader	38 260	37 688	31 288
Kjøp som inngår i kommunal prod.	37 922	34 116	40 292
Kjøp som erstattar eigen prod.	13 427	12 844	13 756
Overføringer	13 092	10 369	13 076
Avskrivningar	8 111	7 249	7 657
Fordelte utgifter	-4 045	-2 272	-3 886
Sum driftsutgifter	248 602	236 316	237 817
Brutto driftsresultat	-5 991	-10 040	-14 836
EKSTERNE FINANSINTEKTER			
Renteinntekter og utbytte	-1 366	-1 666	-1 522
Gevinst Finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-
Mottekne avdrag på lån	-10	-20	-12
Sum eksterne finansinntekter	-1 376	-1 686	-1 533
EKSTERNE FINANSUTGIFTER			
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	4 563	4 350	4 448
Tap finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-
Avdragsutgifter	10 815	11 750	9 479
Utlån	10	20	17
Sum eksterne finansutgifter	15 388	16 120	13 944
Resultat eksterne finanstransaksjoner	14 012	14 434	12 410
Motpost avskrivningar	-8 111	-7 246	-7 657
Netto driftsresultat	-90	-2 853	-10 082
Netto driftsresultat i %	0,0%	1,2%	4,0%
BRUK AV AVSETNINGER			
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-300	-	-
Bruk av bundne fond	-1 644	-928	-3 275
Sum bruk av avsetninger	-1 944	-928	-3 275
AVSETNINGER			
Overføring til investeringsrekneskap	850	750	774
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meir	-	-	-
Avsetning disposisjonsfond	1 069	2 004	5 686
Avsetning til bundne driftsfond	116	1 027	940
Sum avsetningar	2 035	3 781	7 400
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	0	0	-5 957

Budsjettnotat | Økonomiplanperioden 2018 - 2021

Vedlegg 2

Budsjettskjema 2A - Investeringsbudsjettet

Tysnes kommune 2018

Tal i 1000 kroner	Oppr. budsjett 2018	Oppr. budsjett 2017	Rekneskap 2016
INVESTERINGSBEHOV			
Investeringar i anleggsmidlar	26 358	90 165	119 610
Utlån og forskotering	850	750	3 679
Avdrag på lån	1 809	1 970	9 131
Dekking av tidlegare års udekk	-	-	-
Avsetningar	-	-	75
Årets finansieringsbehov	29 017	92 885	132 495
FINANSIERT SLIK:			
Bruk av lånemidlar	-20 881	-72 646	-82 492
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-1 000	-500	-1 229
Tilskot til investeringar	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-6 286	-18 989	-43 818
Andre inntekter	-	-	-
Sum ekstern finansiering	-28 167	-92 135	-127 539
Overført frå driftsbudsjettet	-850	-750	-774
Bruk av tidlegare års udisponert	-	-	-
Bruk av avsetningar	-	-	-4 182
Sum finansiering	-29 017	-92 885	-132 495
Udekk / Udisponert	-	-	-



Budsjettvedlegg 4

Økonomisk oversikt - Investering

Tynesnes kommune 2018

Tal i 1000 kroner	Oppr. budsjett 2018	Oppr. budsjett 2017	Rekneskap 2016
INNETEKTER			
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-1 000	-500	-1 229
Andre salsinntekter	-	-	-
Overføringar med krav til motyting	-4 476	-17 019	-38 869
Statlege overføringar	-	-	-
Andre overføringar	-	-	-
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-	-	-
Sum inntekter	-5 476	-17 519	-40 098
UTGIFTER			
Lønsutgifter	987	1 114	1 151
Sosiale utgifter	228	168	235
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunale driftsmidler	19 906	71 164	96 149
Kjøp av tenester som erstattar kommunale driftsmidler	-	-	-
Overføringar	5 236	17 719	22 075
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-
Sum utgifter	26 358	90 165	119 610
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER			
Avdragsutgifter	1 809	1 970	9 131
Utlån	-	-	2 905
Kjøp av aksjar og andelar	850	750	774
Dekking av tidlegare års udekket	-	-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond	-	-	-
Avsetningar til bundne investeringsfond	-	-	75
Sum finansieringstransaksjoner	2 659	2 720	12 885
Finansieringsbehov	23 540	75 366	92 397
FINANSIERING			
Bruk av lån	-20 881	-72 646	-82 492
Mottekne avdrag på utlån	-1 809	-1 970	-4 949
Sal av aksjar og andelar	-	-	-
Overføringar frå driftsrekneskap	-850	-750	-774
Bruk av tidlegare års udisponert	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-4 182
Sum finansiering	-23 540	-75 366	-92 397
Udekket / Udisponert	-	-	-